

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktører: Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@inl.uio.no), Gulbrand Alhaug (gulbrand.alhaug@mail.hum.uit.no), Peter Hallaråker (psh@samson.hivolda.no) og Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@inl.uio.no)

Utgjevarstad:

Seksjon for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 32 – 2000

Redaksjonen er avslutta 18. desember 2000

Adresser m.m.

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydneplassen 9, 5007 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 150 kroner for året.

Tidsskriftet *Namn og Nemne*, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydneplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 58 24 22.

Meldingsbladet *Nytt om navn*, Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

INNHALD

LEIAR

G. Akselberg: Norsk namnegransking ved tusenårsskiftet 4

NORSK NAMNELAG

A. Svanevik: Styremøte i Norsk namnelag, Oslo 23.11.2000 5

G. Akselberg: Godkjenning av rekneskap 6

SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

P. Hallaråker: Møte i Samarbeidsnemnda, Molde 25.10.2000 7

NAMNEKONSULENTTENESTA

T. Larsen: Samrådsmøte for namnekonsulenttenesta 7

NORNA

G. Akselberg: NORNA-nytt..... 9

ICOS

B. Helleland: Styremøte i ICOS, Oslo 27.–29.10.2000 10

UNGEGN

B. Helleland: Møte i Den nordiske divisjonen,
Helsingfors 7.–8.12.2000 11

DOKTORDISPUTAS

Doktordisputas i namnegransking i Oslo 11

ANNA MELDINGSSTOFF

Konferanserapport og Årsmelding frå Seksjon for namnegransking 12

T. Eskeland: Finsk navneseminar 12

NORMERING OG BRUK AV NAMN

J. Andersen og A. Svanevik: Kartverkets internettprodukt
Norgesglasset 13

F. Myrvang: Om vedtekne skrivemåtar for eit par utmerkingsledd 15

Svar frå Statens kartverk Nordland 17

A. Midbrød: Skrivemåten av gardsnamn i Eigersund 17

G. Thorvaldsen: Steds- og personnavn på Internett..... 20

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

I. Utne: Tamilske, muslimske og afrikanske fornavn 21

I. Utne: Rettingar til artikkel i nr. 31 26

J. Ouren: Norske fornavn på topp 1999..... 26

B. Helleland: Førenamn på moten i Sverige 28

B. Holmberg: De mest populære fornavn i Danmark 28

E. Brylla: Ny namnlängd i de svenska almanackorna 30

F. Korslund: *-xen* og *-xon* som patronym 30

NORNA-RAPPORTAR

L. Vikør: Utanlandske namn i Norden.....	31
Nordisk namnforskning 1999.....	37
ANDRE BOKOMTALAR	
L. Vikør: Norsk etternamnleksikon.....	38
G. Alhaug: Kvinnenamn og kulturhistorie.....	40
B. Helleland: Morgendagens modenavne	42
R. Lockertsen: Namneskiftet <i>Kristiania – Oslo</i> i bokform.....	43
B. Helleland: Stadnamn i Odda.....	43
B. Helleland: Skøyen-problemet i religionshistorisk lys	45
V. Haslum: Agders historie.....	45
HOVUDOPPGÅVER	
O. Stemshaug: Nye namn i nye tider	47
B. Helleland: ”Og vingl hadde det vore lenge”	48
NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1999	50

LEIAR

NORSK NAMNEGRANSKING VED TUSENÅRSSKIFTET

Den namnefaglege starten på det nye tusenåret vart markert med den 9. nasjonale konferansen i namnegranskning i Oslo 11.–12. mai i år. Tittelen på konferansen, *Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000*, set heile den kjende namnehistoria og namnesituasjonen vår i dag i sentrum. Vidare kunne ein nasjonal namnekonferanse knapt femna. Av di tusenårskonferansen gav rom for mange og ulike emne, slo naturleg nok Botolv Helleland opp eit stort lereft då han opna konferansen ved å presentera ulike sider ved all den informasjonen som namn ber i seg, og ved å peika på mange av dei oppgåvene norske namnegranskarar no bør arbeida med. Eg vil trekkja fram to emne som fekk særleg stor plass i opningsorda til Helleland: den historiske dimensjonen ved stadnamna og den internasjonale dimensjonen ved personnamna.

Ein kongstanke for Helleland har lenge vore å intensivera og institusjonalisera innsamlingsarbeidet av stadnamn. Aldri har namn frå tidlegare tider vore så utsette for å verta borte for all tid som i dag, og difor meiner Helleland at namneinnsamling er ei oppgåve som no må prioriterast svært høgt. Namn er uttrykk for menneskeleg verksemd og identitet, gjennom funksjon og innhald reflekterer dei ulike sider ved mennesket i sosiale og materielle kontekstar, dei uttrykkjer menneskelege samhandlingar ved namngjevingstidspunktet, og samanhangen mellom namn og stad gjer stadnamna i særleg grad til bindelekkar mellom notid og fortid. Namna ”representerer ein dimensjon som neppe vil vera mindre etterspurd i dette nye tusenåret, nemleg røter og historisk identitet”, sa Helleland i opningstalen.

Interessa for den historiske dimensjonen er no veksande i mange vitenskaplege disiplinar, særleg innom humaniora. Dette ser vi til dømes innom litteraturvitskapen (jf. nyhistorismen sin posisjon), sosiolingvistikken (t.d. utviklinga av ein historisk sosiolingvistikk), allmennlingvistikken (t.d. interessa historisk lingvistikk), historiefaget (t.d. den omfattande granskninga av mellomalderen og antikken) o.l. Denne aukande fokuseringa reflekterer ei allmenn interesse for historie, ikkje berre einskilde granskarar sine særinteresser. Eg er heilt samd i Helleland sine vurderingar av denne

allmenne interessa for den historiske sida ved namn, og av verdien han legg på å intensivera materialinnsamlinga og arkivoppbygginga.

I våre dagar med ei rivande utvikling av handsaming av store data-mengder kan vi nytta stadnamnarkiva på ein måte vi tidlegare ikkje eingong kunne drøyma om. Den datamaskinelle tilgangen vert stendig betre, og gjennom ulike datakoplingar kan vi henta ut mengder av kunnskap både frå nyinnsamla og eldre arkivmateriale. Denne utviklinga er t.d. svært nyttig for utviklinga av onomastisk teori og metode, og ho gjev oss ny kunnskap om sider ved det norske språket og om kulturhistoriske tilhøve.

Ei anna stor utfordring for norsk namnegransking på terskelen til det nye tusenåret er handsaminga av personnamna til dei mange nye landsmennene våre. Til no har vi nok fleire spørsmål enn svar: Korleis skal dei framande namna normerast og korleis kan dei nyttast? Korleis vil det gå med ulike namnetradisjonar i eit meir og meir fleiretnisk samfunn? Vil ulike folkegrupper halda på namnetradisjonane sine, vil namnetradisjonane gli saman, vil vi få eit nytt og stort tilskot til den norske namnetradisjonen, eller vil dei nye landsmennene ta over norske og vestlege namnetradisjonar?

Akkurat no arbeider ein regjeringsoppnemnd komité med retningslinene for ei ny namnelov, der Ivar Utne er namnefagleg medlem. Den nye lova vil kanskje visa oss i kva for retning den komande personnamngjevinga i Noreg vil gå, i alle fall i dette hundreåret. Arbeidet er ei stor utfordring for komiteen som har mange tilhøve å ta omsyn til, som t.d. demokratiske prinsipp, respekt for ulike kulturar, kulturell og sosial identitet, og ulike tradisjonar, haldningar, verdiar og normer.

Helleland trekte mange sentrale liner i opningsorda sine, og eg sluttar meg til den vekta han la på den historiske og den internasjonale dimensjonen ved namna. Den nye personnamnsituasjonen i Noreg er eit arbeidsfelt vi ikkje kan flykta frå, den historiske dimensjonen ved stadnamna er det nok lettare å unngå, om ein vil det, men norsk namnegransking vil vera best tent med at begge dimensjonane får ein sentral plass dei komande åra.

Gunnstein Akselberg
Bergen

NORSK NAMNELAG

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG, OSLO 23.11.2000

Styret i Norsk namnelag hadde møte 23. november 2000 på Universitetet i Oslo. Gunnstein Akselberg (leder), Botolv Helleland, Terje Larsen, Kristin Bakken og Anne Svanevik var til stede.

Under punktet "Melding frå styraren" sa Akselberg at han var svært tilfreds med det arbeidet Jarle Halveg gjør med å holde orden på regnskapet og medlemsregisteret. Mindre hyggelig var meldingen om at medlemstallet i Namnelaget nå er synkende (378 medlemmer), etter å ha vært oppadgående i flere år. Ca. 20 medlemmer har meldt seg ut siste år. Målet må være å få medlemstallet over 400 igjen. Et annet mål er å få til en ordning med tilgang til én og samme medlemsregister-fil/-database fra UiB og UiO. Dagens opplegg med medlemsregister i Bergen og register for utsending av *Nytt om namn i Oslo*, fungerer ikke tilfredsstillende.

Utgivelsen av *Namn og Nemne* nr. 17 (2000) var helt i rute. Heftet kom tidlig i høst, i god margin før årsskiftet. Dette må være et mål også for framtidige år, istedenfor den uheldige trenden med at heftet har kommet ut året etter det skulle. Styret mente at to doktordisputaser med tilhørende opposisjoner er for mye i ett nummer, og antok at så mye "tungt" stoff kan ha vært en medvirkende årsak til utmeldingene den siste tida. Fra og med nr. 18 bør iallfall noe av stoffet ha en mer populær appell.

Botolv Helleland orienterte om innholdet i *Nytt om namn* nr. 32. Redaktørene ønsker fremdeles bedre respons fra leserne på innmelding av stoff til navnebibliografien.

Namnelagets økonomiske situasjon er fortsatt god. Fremdeles får vi ca. 45 000 kr i trykkestøtte fra Forskningsrådet hvert år. Forskningsrådet mener at kontingenten bør heves, noe styret er skeptisk til. Fordi kontingentfastsettelse er en landsmøtesak, vil det under ingen omstendighet bli aktuelt med kontingentheving før neste landsmøte i 2003.

Ellers orienterte Akselberg fra NORNA-møtet i Stockholm 7. oktober 2000, og kunne fortelle at en lærebok og et forskerkurs i navnegransking er på planleggingsstadiet. Selv om påmeldingsfristen gikk ut 1. november, oppfordret Akselberg til påmelding på den forestående konferansen i Finland (Svidja, Sjundeå) 20.–22. april 2001, med tema "Avgrensning av navne kategorier". Han nevnte også symposiet om "Navn og kulturelle kontakter i Östersjö-området", som holdes på Gotland 14.–16. september 2001, med påmeldingsfrist 1. februar 2001. For å ikke utelukke nordmenn og andre "perifere", har arrangørene også åpnet for foredrag om relaterte emner.

Anne Svanevik
Hønefoss

GODKJENNING AV REKNESKAP

Dei to tilsynsmennene til Norsk namnelag, Bjørn Eithun og Eskil Hanssen, har gått gjennom alle rekneskapa for åra 1996–1999 og godkjent dei i dag, 4. desember 2000.

Gunnstein Akselberg
Bergen

SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA, MOLDE 25.10.2000

Samarbeidsnemnda for namnegransking hadde møte i Fylkeshuset i Molde 25. oktober 2000. Desse var til stades: Gulbrand Alhaug (Universitetet i Tromsø), Rolf Grankvist, Ola Stemshaug (Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim), Peter Hallaråker (Høgskulen i Volda), Ole-Jørgen Johannessen, Oddvar Nes (Universitetet i Bergen), Gudlaug Nedrelid (Høgskolen i Agder), Kristin Bakken, Botolv Helleland (Universitetet i Oslo).

Av saker som var oppe til drøfting, kan nemnast den nye matrikkelen som Statens kartverk er i ferd med å utvikle. I planane for dette prosjektet er stadnamn nesten ikkje omtala, og Samarbeidsnemnda vedtok å sende eit brev til Kulturdepartementet med kopi til Samferdselsdepartementet om at namneverket i den nye matrikkelen må handsamast i samsvar med lov om stadnamn.

Ei anna sak galdt digitaliseringa av namn på sjøkart som Sjøkartverket er i ferd med å utføre. Praksisen som blir følgd, er å leggje namna inn i databasen i den forma dei har på kartet, noko som inneber at mange namn kjem inn i former som er i strid med reglane for skrivemåten. Namnekonsulenttenestene hadde i eit tidlegare notat til Statens kartverk protestert på denne framgangsmåten, og Samarbeidsnemnda vedtok å gje si tilslutning til brevet frå namnekonsulenttenestene om at databasen for namn på sjøkarta måtte handsamast på same namnefaglege måte som stadnamn på land og normerast etter lov om stadnamn.

Elles vart det såkalla Onomastica-prosjektet (database for uttaleopplysningar om personnamn i regi av Telenor) diskutert på nytt, og Gulbrand Alhaug vart beden om å arbeide vidare med saka. På brevet til Telenor frå Samarbeidsnemnda om skrivemåten av adressenamn i telefonkatalogen, var det enno ikkje kome noko svar.

NAMNEKONSULENTTENESTA

SAMRÅDINGSMØTE FOR NAMNEKONSULENTTENESTA

Namnekonsulenttenesta hadde det årlege samrådingsmøtet sitt 25.–27. oktober i Molde. Som dei siste åra var møtet todelt med éin intern del og éin fellesdel med Kartverket.

På det interne konsulentmøtet vart saker av ulike slag diskuterte. Tor Erik Jenstad innleidde om to emne. Han tok fyrst opp skrivemåten av adressenamn i telefonkatalogen, og han synte døme på tvilsame skrivemåtar også i tilfelle der skrivemåten er fastsett etter reglane i lov om stadnamn, og som såleis skal brukast av alle offentlege organ. Det andre innlegget hans hadde tittelen *Privat gardsskilting – ei sak for oss?* Mange stader er det no vorte populært å setja opp dekorative skilt med gardsnamnet ved innkøyringa til gardar. Skrivemåten av namna på desse skilta er ofte identisk med skrivemåten av dei tilsvarande slektsnamna og ikkje i tråd med den offisielle skrivemåten. Sjølv om det i desse tilfella dreiar seg om stadnamn i privat bruk, er dei godt synlege i det offentlege rom, og Jenstad spurde om vi ikkje skulle prøva oss med ei varsam oppmoding om å få dei som set opp slike skilt til å bruka vedtekne eller godkjende skrivemåtar.

Kjell Erik Steinbru innleidde om bruk av apostrofar og aksenteikn i offentlege namneformer. I diskusjonen etterpå meinte somme at bruk av aksenteikn ville verka kompliserande, medan andre var meir opne. Når det gjaldt bruken av apostrof, var det semje om at ein må følgja reglane for allmennspråket.

Eva Forsaa Mikkelsen og Eldar Heide tok opp konkrete normeringsproblem i Nord-Noreg, t.d. *Tort(e)n-/Turt(e)n-*, *hau(e)/hauv(e)/høvv(e)* og *båe/boe/bøe*. Også her kom det fram fleire syn, m.a. vart det hevda at ein anten må velja målføreformer eller rettskrivingsformer, ikkje ”mellomformer”.

Samrådingsmøtet i år var det tiande i rekkja, og dette vart markert med ein paneldebatt, der spørsmålet var: *Kva vil vi med lov om stadnamn? Verkar lova etter formålet?* I panelet sat Halldis Sandsdalen frå Kulturdepartementet, Ola Stemshaug frå namnekonsulentane, Nils Jørgen Gaasvik frå Statens kartverk, Anders Moen frå Statens vegvesen i Møre og Romsdal og ordførar Arne Sandnes i Norddal kommune. Ordstyrar var Karsten Lien frå Statens kartverk. Debatten var både frisk og interessant,

og det kom også innspel frå publikum, som var utvida med deltakarar på dei lokale kartdagane som var arrangerte samstundes.

På fellesmøtet mellom konsulenttenesta og Kartverket var det seks hovudemne. Anne Svanevik og Aud Harstad Bakken frå Kartverket og Botolv Helleland frå namnekonsulentane innleidde til diskusjon om arbeidet med å digitalisera namn frå sjøkart som Kartverket har starta opp. I utgangspunktet skal namna leggjast inn i Sentralt stadnamnregister (SSR) i den forma dei har på sjøkarta, men fordi mange av karta er svært gamle, er det nødvendig å ”modernisera” namneformene. Diskusjonen gjeld kor langt ein kan gå i denne moderniseringa utan at ein går ut over dei rammene lov om stadnamn set.

Evalueringa av lov om stadnamn har vore ein gjengangar på dei siste samrådsmøta. No har den interne ”evalueringsgruppa” avslutta arbeidet sitt, og Halldis Sandsdalen frå Kulturdepartementet gjorde greie for hovudinnhaldet i rapporten som gruppa har sendt til vidare behandling i departementet.

I dei åra lov om stadnamn har verka, har det synt seg å vera vanskeleg å få ulike offentlege organ til å bruka vedtekne skrivemåtar. No ligg det føre konkrete planar om å invitara ulike offentlege organ til eit møte, der hovudvekta vil bli lagt på informasjon om lova, og korleis ein kan skaffa seg opplysningar om fastsette skrivemåtar. Johnny Andersen og Terje Larsen gjorde greie for desse planane, og dei sa at ein òg tek sikte på å invitara store private brukarar av namn som Turistforeningen og Presseforbundet til dette møtet.

Johnny Andersen orienterte også om Kartverkets produkt ”Norgesglasset”. I ”Norgesglasset” kan ein m.a. søkja på meir enn 450 000 stadnamn i Noreg, og samstundes få namnet på kartet.

Tor Erik Jenstad tok opp spørsmålet om kva ein kan gjera for å få inn tradisjonelle grende- og bygdelagsnamn på kart. Han sa at desse namna representerer eit mangfald, medan tendensen i kommunane er at dei vel bort desse namna til fordel for t.d. kommunenamnet.

Ein fast post på programmet for desse møta er *Restansesaker*, dvs. namnesaker som er påbyrja, men som av ulike grunnar ikkje er fullførte. Karsten Lien gjorde greie for kor langt ein var komen sidan førre møtet.

I tillegg til det reint faglege programmet hadde Bjørn Austigard frå Romsdalsmuseet eit interessant og spiritueelt kåseri om topografisk og kartografisk arbeid i Møre og Romsdal på 1700-talet. Ei omvising på Molde stadion var også lagd inn.

Terje Larsen
Oslo

NORNA

NORNA-NYTT

Den nordiske samarbeidskomiteen for namnegransking, NORNA, hadde møte i Stockholm 7. oktober 2000. Av dei sakene som vart handsama, er desse sakene av allmenn interesse:

Komande symposium

Det vil verta arrangert fylgjande symposium i NORNAs regi dei komande åra:

NORNAs 29. symposium: Avgränsning av namnkategorier. 20.–22. april 2001, Svidja, Finland.

NORNAs 30. symposium: Navne og kulturelle kontakter i Østersøområdet, 14.–16. september 2001, Visby, Gotland.

NORNAs 31. symposium: Stednavnetypen *-torp*, våren 2002, Danmark.

Nordisk namneforskarregister

Den nye utgåva av *Nordisk navneforskerregister* vart send ut våren 2000, og redaksjonen ber om at eventuelle rettingar og kommentarar vert sende til den nasjonale komitémedlemeren.

NORNA-stipend

Den finske namnegranskaren *Michaela Örnmark* vart tildelt NORNA-stipendet for namneforskarar for 2000.

Gunnstein Akselberg
Bergen

ICOS-NYTT

STYREMØTE I ICOS, OSLO 27.–29.10.2000

ICOS (International Council of Onomastic Sciences) hadde styremøte på Blindern i Oslo 27.–29. oktober 2000. Dei nordiske representantane i styret er Ritva-Liisa Pitkänen (Finland), Mats Wahlberg (Sverige) og Botolv Helleland (Noreg). Leiaren er frå Austerrike og heiter Isolde Hausner. Viktigaste saka på møtet var arbeidet med dei nye lovene for organisasjonen. Styret i ICOS tek sikte på å leggja dei fram for generalforsamlinga til godkjenning ved den neste kongressen som skal haldast i Uppsala i 2002. Eit viktig punkt har vore registreringsstad for ICOS, og styret kjem

til å gå inn for at organisasjonen vert registrert i Uppsala i Sverige, mot tidlegare i Leuven i Belgia. Styret tek òg sikte på ei forenkling av medlemskapet.

Eit viktig mål for ICOS er å gje ut tidsskriftet *ONOMA* meir regelmessig enn tidlegare, i prinsippet eit nummer for året. *ONOMA* 35, som har "Aspects of Name Standardisation" som tema og er redigert av Isolde Hausner, er snart klart til utgjeving. *ONOMA* 36 tek for seg "Names in Contact: german-slavonic and german-romanic contacts" og vert redigert av Maria Givanna Arcamone (Pisa), medan Mats Wahlberg (Uppsala) vert gjesteredaktør for *ONOMA* 37 om "Norden onomastics". Hovudredaktør for *ONOMA*-skriftet er Willy Van Langendonck (Leuven).

Neste styremøte i ICOS skal haldast i Uppsala i mai 2001.

Elles vert det meldt frå Namnavdelningen i Uppsala at førebuingane til ICOS-kongressen der i 2002 er i full gang. Det vert sendt ut materiale i januar 2001.

BH

MØTE I DEN NORDISKE DIVISJONEN HELSINGFORS 7.–8.12.2000

Den nordiske divisjonen av UNGEGN hadde møte på Lantmäteriverket, Helsingfors 7.–8. desember 2000 for å drøfta nett-tilgjengelege kart- og namnedatabasar. Frå Noreg møtte Johnny Andersen og Botolv Helleland. Teemu Laskinen orienterte om prosjektet Data Model for Multiple Representation of geographic Names ved Lantmäteriverket i Finland (sjå informasjon på nettadressa <http://www.nls.fi>). Minna Korhonen gjorde greie for ulike nett-tilgjengelege stadnamntenester, som <http://nondb.nls.fi/>, <http://geonames.nrcan.gc.ca/>, <http://levende.kms.dk/su/sunavn.htm>, <http://www.sna./se/ortregister.html>, <http://gnpswww.nima.mil/geonames/GNS/>.

Andersen og Helleland presenterte den nettbaserte versjonen av Toponymic Guidelines for Cartographers (toponymiske retningsliner for kartografar). Helleland gjorde òg greie for framlegget til heimeside for UNGEGN, utarbeidd av den fungerande leiaren i organisasjonen, Helen Kerfoot, Canada. Elles var det diskusjon av vidare arbeidsoppgåver i Den nordiske divisjonen fram mot den neste FN-konferansen om geografiske namn som skal haldast i Berlin i september 2002.

BH

DOKTORDISPUTAS

DOKTORDISPUTAS I NAMNEGRANSKING I OSLO

Den 16. desember 2000 forsvarte cand.philol. Tom Schmidt avhandlinga si *Norske gårdsnavn på -by og -bø med personnavnforledd* for den filosofiske doktorgraden. Fyrsteopponent var dr.phil. Gillian Fellows-Jensen, Københavns Universitet. Andreopponent var professor em. Jørn Sandnes, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitetet i Trondheim. Den tredje medlemmen i komiteen var professor Lars Vikør, Universitetet i Oslo.

Prøveførelsingane vart haldne fredag 15. desember, over sjølvvalt emne ”*Myren* [mý’ra] og *Rørvik* [rørví’kja]. Bestemt og ubestemt oppslagsform i 1886-matrikkelen”, og over oppgjeve emne ”Problemet *navneskifte* i eldre norske stedsnavn: bakgrunn, omfang og problemer for forskningen”.

BH

ANNA MELDINGSSTOFF

**KONFERANSERAPPORT OG ÅRSMELDING
FRÅ SEKSJON FOR NAMNEGRANSKING**

Rapporten frå *Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking* (Blindern 11.–12. mai 2000) er no ferdig og kan sendast til interesserte. Rapporten er på 228 sider og er redigert av Kristin Bakken og Åse Wetås. Prisen fritt tilsend er 100 kroner. Kontakt Seksjon for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Nærare omtale kjem i neste nr. av *Nytt om namn*.

Også *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 1999*, redigert av Kristoffer Kruken, er ferdig og vert send vederlagsfritt til interesserte.

FINSK NAVNESEMINAR

Forskningscentralen arrangerte igjen i høst et endags navnemøte i Helsingfors. Det fant sted fredag 13. oktober 2000 i Forskningscentralen för de inhemska språken. Hensikten med de høstlige navnemøter er å presentere den nyeste navneforskningen ved å ha et navneseminar om høsten og en navnedugnad om våren. Disse navnemøtene har blitt mer og mer populære og i høst var det over 50 personer fra forskjellige universitet til stede. I

løpet av dagen ble det holdt syv innlegg på finsk med etterfølgende diskusjoner.

Ritva Liisa Pitkänen åpnet dagen med å presentere den nye uralske serien over navneforskningen *Onomastica Uralica*. Johanna Halonens innlegg omhandlet en bostedsnavnetype i Borgåelvdalen. Karoliina Vauhkonen fortalte om navnekunnskap i Karsikkomäki i Suonenjoki. Elin Karikoski gjorde rede for sitt prosjekt om ruijafinske slektsnavn og ruijafinske samfunn i Nord-Norge. Teemu Leskinen fra Lantmäteriverket i Finland presenterte stedsnavnregistret i det finske Lantmäteriverket. Matti K. Suojanens innlegg handlet om stedet som emosjonal-kognitiv betydning og til slutt la Päivi Rainò frem sin forskning omkring stedenes navn på tegnspråk.

Tuula Eskeland
Tromsø

NORMERING OG BRUK AV NAMN

KARTVERKETS INTERNETT-PRODUKT *NORGESGLASSET*

I Norgesglasset kan du nå zoome deg ned fra et norgeskart i målestokk 1:2 millioner til ditt eget hus i målestokk 1:5 000. Du kan søke på mer enn 450 000 stedsnavn i Norge og samtidig få navnet plassert på kartet. Videre kan du søke på gateadresser i Norge og få disse vist på et kartutsnitt. Gå inn via Statens kartverks hjemmeside på <http://www.statkart.no>, og klikk på linja Norgesglasset i grønn kolonne på venstre side.

Søket på stedsnavn gjøres mot Sentralt stedsnavnregister (SSR). SSR er landets offisielle register for stedsnavn der skrivemåten er vedtatt etter *lov om stadnamn* fra 1990. Registeret forvaltes av Statens kartverk med samfinansiering fra Kulturdepartementet. SSR inneholder også navneformer som var i offentlig bruk før loven trådte i kraft og der navnet ikke er behandlet etter loven.

Kartverket har valgt å begrense navneutvalget i Norgesglasset til navneformer som etter loven kan brukes av offentlige organ. Det betyr at avslåtte, uvurderte og foreslåtte skrivemåter ikke vises. Videre har vi ikke tatt med navn med svært unøyaktig posisjonsangivelse i SSR. Bare navn som brukes i målestokker 1:50 000 og bedre, kan søkes opp. Norgesglasset gir opplysning om kommune, tematype (hva slags objekt navnet står til), produkt (f.eks. økonomisk kartverk – ØK) og språk. Dessverre klarer vi foreløpig ikke, pga. fontproblemer mot Internett, å vise navn med samiske skrifttegn. Dette løses forhåpentlig i nær framtid.

En liten brukerveiledning:

- Ta opp nettsida direkte med adresse:
<http://ngis2.statkart.no/norgesglasset/stedsnavn/default.html>
- Merk at det står *COPYRIGHT – KUN TIL PRIVAT BRUK* øverst på sida.
- Merk av elementet ”Blink navn”, da får du lettere øye på navnet du har søkt opp på kartbakgrunnen.
- Hvis du skal søke på et vanlig navn, er det lurt å begrense søket til aktuelt fylke. Merk ønsket fylke i valgboks nederst til venstre. Ved store søk vises bare de 100 første i treffet. (Et søk på *Vik* gir f.eks. 282 treff i SSR.)
- Skriv navnet i boksen ”Søk etter”. Du kan søke med ”alletegnet” * både før og etter for å få med alle navn som inneholder den ønskete bokstavkombinasjonen. Husk å skille mellom store og små bokstaver i første posisjon. Stor bokstav i første posisjon angir begynnelsen av navnet.
- Dobbeltklikk på det ønskete navnet i trefflista. Kartet, med navnet blinkende, viser seg i det høyre vinduet. Kartbakgrunnen er utgangsviss NORGE 1:50 000.
- Du kan zoome innenfor eksisterende målestokk eller skifte til ØK-målestokk 1:5000: Lag en zoome-boks ved å peke i punktet som skal være øvre venstre hjørne, hold venstre museknapp nede, dra musa til nedre høyre hjørne og slipp.
- Et kjent navn kan brukes til å finne et ukjent navn like ved siden av: Dobbeltklikk på kartet der du ønsker at det nye midtpunktet skal være. Du får en flytting av kartvinduet.
- I venstre vindu ser du punktet i forhold til hele Norge. For å få en bedre oversikt, kan du, liksom i det høyre vinduet, zoome i flere målestokker.
- Navn du har valgt ut, vises etter hvert i trefflista nede på høyre side. Ved å dobbeltklikke i denne lista kan du ta tidligere viste navn opp igjen.
- Ved å ha alle søkte navn aktive, kan du manipulere i venstre vindu og få en presentasjon som har med *området* for alle de stedsnavna som er aktuelle (her får du ikke opp blinkende navn).
- Alle navn som vises på kartet på høyre side, kan fjernes fra trefflista ved knappen ”Fjern navn fra kart”.
- Kommunenummeret og temakodenummeret vises ved knappen ”Vis bare koder”.
- En koordinat, som viser posisjonen på musepila, står over kartene. Koordinaten med koordinatsystem forholder seg hele tida til det kartgrunnlaget du peker på. ØK-nivået ligger i NGO-system med akse fra 1 til 8.

De andre ligger i UTM /WGS 84 i sone fra 32 til 36. De sistnevnte koordinatene kan brukes som posisjoner rett inn i en moderne GPS-mottaker som et kjentpunkt for gjenkjenning. Du kan legge inn ”lokale stedsnavn”, ”hytta i fjellet”, ”beste multemyr”, ”beste fiskeplass” osv.

- I tillegg til stedsnavn, kan du i Norgesglasset søke på alle offisielle adresser (dvs. vegnavn og vegnummer) i Norge. Dette ligger under delen ”Adresser”.
- Ved å bruke ”Klipp og lim” kan du lage et lite lokalt kartutsnitt på papir for eget bruk. Dette gjelder for alle delene ”Kart”, ”Adresser” og ”Stedsnavn”.

Johnny Andersen og Anne Svanevik
Hønefoss

OM VEDTEKNE SKRIVEMÅTAR FOR EIT PAR UTMERKINGSLEDD

(Brev sendt til Statens Kartverk Nordland i desember 1999)

1. Som kjent har Kartverket sentralt opna for ein skrivemåte *Litje-* i tillegg til *Litle-* m.m. i område (målføre) der dette er naturleg. Av meldinga om namnevedtak frå Statens Kartverk i Nordland dagsett 25.10.1999 (og seinare telefonsamtale) går det fram at skrivemåten *Litjējorda* er vald for ein lokalitet på gnr. 1 i Lødingen – mens *Litjjorda* for ein liknande på gnr. 67 i Vågan har vore på tale. Ei anna liste med enkeltvedtak frå 1998 av, for Sørfold kommune, viser vidare at det der m.a. er gjort vedtak om *Lisjjordneset*: i det tilfellet ligg altså eit underforstått *Lisjjorda* til grunn.

Evt. skriveformer som *Lisjjorda* og *Litjjorda* vil representere noko heilt nytt i norsk rettskriving, mens alternative bindestrekformer *Lisj-jorda*, *Litj-jorda* vel vil fungere om lag like diskutabelt som t.d. *bikkj-kaldt* og *ikkj-sosialistisk*.

Når bindestrek ikkje blir brukt, oppstår det i alle tilfelle innlydskombinasjonar av typen *Lisjeidet*, *Litjeidet*, *Lisjøyra*, *Litjøya* mm, trass i at skriveformer som *Gjeita*, *Kjeipen*, *Skjeivika*, *Kjøyta* osv. i framlyd er i strid med norsk rettskriving, jamfør regelen om ikkje å skrive *j* framfor *i*, *y* eller diftong *ei*, *øy*. Spriket er kan hende til å leve med, men er knapt ønskeleg.

Elles tør ein nok kalle *Lisjeide* (bruksnamn i Sørfold) ei lite harmonisk skriveform: Førsteleddet går så langt i retning av dialektrett stavemåte som råd mens sisteleddet –eide ligg ein stad midt mellom uttalerett *-eie* og fullt

normalisert *-eidet* (ubunden dativ er det knapt tale snakk om). Uavhengig av akkurat den detaljvurderinga er det faktisk så at ordlagingar på *-sj-* i norsk framfor alt opptrer i ekspressive uttrykk som *hysj* og *fysj*, *isj* og *æsj* m.m. Av den grunn er det eit spørsmål om formene på *Lisj-* har framtida for seg, alvorleg talt.

Statens namnekonsulentar for norskspråklege namn har dialektkunnskap, men dei representerer formelt norsk skriftspråk (bokmål og nynorsk). Under det perspektivet bør nemnast at utmerkingsleddet *Litl-* lyder både som *lih*¹⁹⁻, *lih*^{K-}, *lit*^{9t9-}, *lis*^{9s9-}, *liz*^{Z-} (*lirs-*), *less-* i ymse nordlandsdialektar, mens *Lille-* er godt representert andre stader i landsdelen. På kort sikt er det aller enklast å etterkomme dei mange lokale ønske om ”dialektrett” skrivemåte og dermed tillate ikkje berre *Lisj(e)-*, men kan hende tilmed *Lirs-*. Men på lang sikt bør kanskje vanlege norske ord vere til å kjenne att også for folk frå andre landsdelar?

2. Så har Statens Kartverk i Nordland gått frå den praksis som frå gammalt har vore følgt, å skrive *fora/fore* (treslaget) med ein *r* i dei tilfelle der utmerkinga synest å vere dette ordet. Dei går no inn for dobbelskriving av *r*, i tråd med enkelte vedtak i seinare år. Her kan nemnast to-tre sentrale moment: eitt er at *fore* (Norsk ordbok bind 3, s. 242) svarar til *furu* som *tvore* til *туру*, sjølv om ikkje *fore* står i skoleordlistene. Skriftleg sideform *tvorre* for *tvore* finst ikkje, og sjølv om *furu* og *fure* mange stader i landet blir uttalt med kort *u* og påflg. dobbelkonsonant, opptrer heller ikkje skriveformer på *Furru-/Furre-* på kart. Ei heller er det naturlegare å skrive *fore* med dobbel *r* enn å skrive *hole* med dobbel *l*, då vokalen er like kort i begge tilfelle. Tilhøvet blir det same for *n* i *kone*, som inngår i den hyppige utmerkinga *Finnkon-*, jf. også øynamnet *Finnkona*.

No skal ein knapt tru at nokon vil knesette skriveformer med konsonant-dobbling av typen *holla* for *hola*, *konna* (*kånna*?) for *kona* osv. Men det finst ingen fagleg grunn til å gå annleis fram i det tilsvarande *fora/fore*. – For kvar gong det er gjort unnatak frå ein innarbeidd rettskrivingsregel, får denne litt mindre autoritet hos publikum, det må i alle fall namnekonsulentane tenke på.

Å legge hovudvekta på vokalkvantitet (-lengde) i staden for på konsonantkvalitet (som palatalitet) vil elles lett få konsekvensar i motsett ende av skalaen: *bunden form eintal* av ord som *and*, *brann*, *brynn*, *grunn*, *sand*, *strand* og liknande blir tradisjonelt uttalte med lang *a* her i nord, utan at ein hittil har lagt nemnande vekt på det under normeringa av stadnamn – ikkje eingong i dei delane av Nordland der *-sanden* blir uttalt med lang *a* og utan palatal *n*, altså som /'sa:n̄/. Men sterke lokale ønske kombinert med ein

praksis der omsynet til vokallengda kjem framføre andre lydlege eller språkhistoriske omsyn er noko som lett kan føre til at også sterke lokale ønske om ein skrivemåte ”-*sanen*” eller noko anna i same lei snart melder seg.

Når Kartverket no mot hevdvunnen praksis går inn for å skrive trenamnet *fore/fore* nytta som utmerking med dobbel *r*, får det fleire tvilsame konsekvensar: Ein kan ikkje lenger markere skriftleg den skilnaden det er på t.d. *Forramyra* ’furumyra’ motsett *Forramyra*, der det finst eit/ein *ra* med fora på. Heller ikkje kan det bli noka god løysing å stave *Forr-ramyra* (eller *Forr-rabbmyra* der det måtte vere aktuelt), det vil seie med bindestrek (delingsteikn).

Aller mest kontroversielle blir dei tilfelle det ein slett ikkje kan vere sikker på om det er tale om furuskog, eller kanskje om det *For-* vi har t.d. i fornes: framstikkande nes. Like vanskeleg å vurdere er namnet *Forøya* fleire stader. Slik sett påfører Kartverket seg sjølv og namnekonsulentane fortolkingsproblem som kunne ha vore unngått.

Det er god grunn til å be Kartverket drøfte internt momenta som er påpeika framfor.

Finn Myrvang
Bø i Vesterålen

SVAR FRÅ STATENS KARTVERK NORDLAND

(Dagsett 26. juni 2000)

På slutten av 1999 sende du ein del kommentarar til namnevedtak der ovannemnde utmerkingsledd [...] inngjekk. For å sikre ei grundig vurdering av dine innvendingar blei saka oversendt Namnerådet i Kartverket. Det har nå behandla den og slik uttalelse derfrå føreligg:

Kartverket behandla saka i møte i Namnerådet 08.02.00. Namnerådet har 5 medlemmer, ein frå Kartverks-leiinga, ein frå Sjøkartverket og tre frå Landdivisjonen (Fylkeskartkontora, Sentralt stadnamnregister og Forvaltningsansvarleg for stadnamn). Rådet fatta einstemmig vedtak om at dei ikkje ynskjer å endre noverande praksis med bruk av formene *Litj/e-*, *Lisj/e-* og *Forr(a)-/For(a)-*. Rådet skjønar innvendingane og argumenta frå Finn Myrvang, men Kartverket har etablert ein praksis – etter råd frå tidlegare namnekonsulentar i Nord-Noreg og etter vedtak i Klagenemnda for stadnamn, som etter vår meining fungerer bra.”

SKRIVEMÅTEN AV GARDSNAMN I EIGERSUND

Gjennom kunngjering i aviser, m.a. i *Dalane Tidende* av 29. desember 1999, har me fått det endelege vedtaket når det gjeld skrivemåten av gardsnamna i Eigersund kommune. Denne saka har som vanleg i slike høve, vore under arbeid i fleire år, og folk har kunna anka på dei namna dei har vore misnøgde med. Mange av klagene synes å ha kome frå folk som eig stadene som ber namnet, eller som nyttar namnet som familienamn.

Eg har ingen slike samband til namna det gjeld, men har i mange år vore språkhistorisk interessert, og ikkje minst i stadnamn og i bevaringa av dei som språkhistoriske minne. Det er ut frå denne ståstaden eg nå tillet meg å koma med nokre merknader. Fyrst må eg då seia at eg undrar meg over at det var naudsynt å endra så mange av dei namneformene som alt fanst på desse kartblada, og som var revidert av tidlegare namnekonsulentar. Slikt undrar folk seg over. Dei fleste veit at rogalendingen Per tidlegare var namnekonsulent. Han kjende målføra og stadnamna i Rogaland ut og inn og hadde laga eit namneverk som mange etter kvart hadde vend seg til, sjølv om enkelte namneformer ennå var kontroversielle. Eg tek her for meg nokre av gardsnamna i Eigersund som har fått ei skriveform som eg ikkje kan skjønna er i samsvar med namnelova og intensjonane i den. Regelen om at namneforma skal byggja på den nedervde talemålsforma, står visst framleis ved lag.

15. *Mølbachneset*. Namnet skriv seg frå eidsvollmannen Christen Mølbach, som eigde denne staden. I talemålet har ein alltid brukt genitivs-*s*: *Mølbachneset*.

29. *Koldal*. Uttale: /'kålldal/ med einstavingstonelag.

46. *Havsøya*. Uttale: /'happsøynæ/. *Norske Gaardnavne* (NG) meiner at namnet kjem av same ordet som det historisk kjende *Hafrsfjord*. Kvifor ikkje: *Hafsøya* (eller betre: *Hafsøyna* eller *-øyni*)? Jf. NG, 10, s. 89 og 183.

53. *Øksnabø*. Uttale: /'ykksnabø/. Skrive *Yksnebø* i matrikkelen 1886 og 1906. Same uttale som *Øksnavad* i Klepp. Jf. Inge Særheim: *Stadnamn i Klepp*, s. 79. Kvifor ikkje: *Yksnabø*, som er heilt lik talemålet og det gamalnorske opphavet: *Yxnabær*, av *yxna*, fleirtal av *uxi*, okse.

57. *Hegrestad*. Uttale: /'heigresta/. Skrive *Heigrestad* i matrikkelen av 1886 og 1906. Fuglenamnet *heigre*, som namnet kjem av, har diftong i talemålet i heile Sør-Rogaland og førekjem i mange stadnamn, m.a. på kartblad Eigersund i namnet *Heigravatnet* (rute 3784).

62. *Rødland*. Uttale: /'røydland/. Skrive *Røidland* i matrikkelen 1886 og 1906. På tidlegare kartutgåver: *Røydland*. Av plantenamnet *røyr*, som m.a. førekjem i stadnamnet *Røyrfedå* i Sokndal.

66. *Gløbstad*. Uttale: /'glyppsta/. Skrive *Glypstad* i matrikkelen 1886 og 1906. På tidlegare kartutgåver: *Glypstad*. Denne garden er nedlagd og fråflytta for mange år sidan, så ein kan undra seg over kven det er namnekonsulenten har teke omsyn til. Kan henda familiar som flytte herifrå for 100 år sidan og nyttar *Gløbstad* som familienamn? På kartblad Eigersund skal vatnet ved garden etter vedtak i Kartverket heita "Glypstadvatnet" (!).

67. *Geidaråsen*. Uttale: /'jeidråsen/. I slike samansetjingar er *a*-en i genitivforma falle ut i talemålet i Dalane. Jf. gardsnamna *Geidreim* og *Bjerkreim* i Bjerkreim kommune. Bør skrivast: *Geidråsen*.

68. *Drange*. Uttale: /'dranga/. På tidlegare kartutgåver: *Dranga*. I mange år har vegvesenet hatt eit vegskilt med namneforma *Drange*. I seinare tid er dette bytta ut med forma *Dranga*. Nå skal altså dette snuas tilbake til ei form som ikkje høver med talemålet og opphavet til namnet, som er ei fleirtalsform av *drangr* m. Kvifor ein nå går attende til forma *Drange*, er vanskeleg å skjønna. Dessutan vil ein med denne forma koma opp i samanblanding med garden *Drange* i nabokommunen Lund. Denne heiter og vert skriven *Drange*, då namneforma her kjem av ei eldre dativform *drangi*. Her vert namnet uttala *Drangje*. Alle andre namn i Eigersund (og elles i regionen Dalane) som kjem frå ei fleirtalsform, har *a*-ending i talemål og skrift: Jf. gardane 63. *Støla*, 77. *Botna*, 108. *Tveida*, o.fl. Kvifor skal det vera unntak for *Dranga*?

80. *Øya*. Uttale: /'øynæ/. På kart frå nyare tid: *Øyni*. Oppsitjarane nyttar *Øen*. Området som garden ligg på, er ikkje noko øy i vanleg meining, men er området mellom to elvelaup, noko som ein ikkje kan sjå utan å gå opp på høgder i landskapet. Om framande kjem til bygda og spør etter *Øya*, vil nok mange vera i tvil. I dette høvet burde ein som tidlegare, kunna nytta ei skriveform som *Øyni* eller *Øyna*, som alle ville kunna skjønna. På tidlegare utgåver av kartblada for Dalane er den bestemte forma av ord som *øy* og *å* (elv) vore

skrive *øyni* og *åni*, etter målføret, så dette er folk etter kvart blitt van med. Frå før har me i nærleiken kjende namn som *Åna Sira* og *Åna* i Nærbø (som ligg i område som ikkje har sterke hokjønnsord). Eg er viss på at folk i bygda ville føretrekka skriveforma *Øyna* (eller som tidlegare *Øyni*) framfor *Øya*.

85. *Toftene*. Uttale: /ʔtuptenn(e)/. Her har det gamalnorske ordet *tuft* overlevd i talemålet og burde vore skrive *Tuiftene*. Jf. og nr. 106. *Hustoftdal*, som burde vera: *Hustuftdal*.

121. *Grøsfjell*. Uttale: /ʔgryssjel(l)/. Dette hadde namnekonsulenten gjort framlegg om skulle skrivast *Grøsgjel*, men seinare endra til *Grøsfjell*. Namnet har ikkje noko med ordet *fjell* å gjera. Den eine forma er vel like gal som det andre, så dette ser ut til å bli ståande som ein vanskapning. *Gryssjel* og nabogarden *Gryssareid* har same *y*-lyden som gardsnamnet *Myssa* i Sokndal, så eg meiner at rette skriveformer burde vera: *Gryssgjel* og *Gryssareid*, som er heilt like talemålet.

Arvid Midbrød
Egersund

STEDS- OG PERSONNAVN PÅ INTERNETT

I serien av fortegnelser over norske gårdsbruk står matrikkelen av 1886 som den mest nyttige. For det ene nådde antall bruk i mange distrikter sitt høyeste antall på denne tida, slik at vi får opplysninger om svært mange driftsenheter. Dermed gir denne kilda en omfattende oversikt over navn på gårder og gårdsbruk, sammen med navn på eierne og brukerne. For det andre gir 1886-matrikkelen både det gamle nummereringssystemet med matrikkel- og løpenummer og det nye systemet med gårds- og bruksnummer. Således finner vi her sammenhengen mellom gårdsnumrene som ble brukt både før og siden, for eksempel i folketellingene. (Vær oppmerksom på at enkelte gårds- og bruksnummere ble endret ved seinere omlegginger av kommunegrensene.) Nyttig er det også at 1886-matrikkelen har kolonner både for gammel og revidert matrikkelskyld. I 1904-utgaven var matrikkelskylda revidert, men både de gamle numrene og den gamle skyldfastsettelsen ble utelatt. Vi må riktignok stille oss kildekritiske til beregningen av skylda, men det synes klart at det ble gjort et bedre forarbeid i 1886- enn i 1838-utgaven. Dessuten må vi ta det forbeholdet at Finnmark ikke er behandlet i noen av matriklene. Den som ikke vil nøye seg med grove sosiale kategorier, men for eksempel skille ut småbrukerne i en egen gruppe, kommer i resten av landet vanskelig utenom matriklene.

Dette er bakgrunnen for at vi har valgt å gjøre nettopp 1886-matrikkelen tilgjengelig via Internett. Matriklene av 1838, 1886 og 1904 fins riktignok i trykte utgaver. Dermed er de mer tilgjengelige enn en rekke andre kilder. Likevel har mange savnet sitt eget eksemplar. Selv om matriklene er ordnet topografisk, er det en ulempe at de eksisterende utgavene mangler registre. Kilda er dels skrevet av ved Registreringsentralene i Indre Finnmark, dels lest inn med optisk lesning (OCR). Vi har brukt mye tid til å lese korrektur og rette avskrivningsfeil, men ber allikevel om å få tilbakemeldinger der vår versjon måtte ha avvik i forhold til originalkilda.

Siden matriklene allerede fins i trykte utgaver, vil vi spare utgiftene til trykking og utsending av denne kilda i bokform. Våre trykte utgaver av folketellingene og kirkebøkene med registre er riktignok populære, men det koster oss og brukerne store summer å produsere dem. Derfor tar vi ikke sikte på å trykke matriklene på nytt, men heller sende dem ut via Internett. På Verdensveven (World Wide Web) er nå 1886-matrikkelen fra Agder til og med Troms tilgjengelig via vår hjemmeside <http://www.rhd.uit.no>

Som illustrasjonen på denne hjemmesida viser, kan man kombinere søk med kriteriene personnavn, gårdsnavn, bruksnavn og sogn. Ved å merke av i boksene nederst på sida kan søket avgrensnes til ett eller flere fylker, og innenfor fylkene er det mulig å velge ett eller flere herreder. Når man har fått fram lista over de aktuelle brukene, kan man enkelt lage liste over alle bruk som tilhørte samme matrikkelgård.

Den som ikke har tilgang til Internett, kan bestille matrikkelen på diskett til bruk i egen PC ved å kontakte:

Gunnar Thorvaldsen
Tromsø
gunnarth@sv.uit.no

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

TAMILSKE, MUSLIMSKE OG AFRIKANSKE FORNAVN

Denne artikkelen omhandler betydningsinnhold og språklig opphav til fornavn i noen av innvandrerulturene. Ei slik gjennomgåing kan vise hvordan innvandrernes hjemmekultur også blir uttrykt i navneskikken. Dessuten vil kjennskap til navnekulturer være nyttig når en skal vurdere om fremmede navneformer skal godkjennes som for- og etternavn i Norge.

Fornavna som innvandrerne har med seg, har ofte fremmed språklig form. Men innholdet i navna har ofte noe felles med tradisjonelle norske navn.

På samme måte som en stor del av de etablerte fornavna våre har med kristendommen å gjøre, kommer innvandrernes navn ofte fra personer eller uttrykksmåter knytta til deres religion. Slik er det for dem som kommer fra muslimske områder, og for tamilene som har hinduistisk tradisjon.

Flere innvandrer kulturer skiller seg fra vår praksis på den måten at de hele tida lager nye navn av ord eller utsagn i dagligspråket. Dette er vanlig i de afrikanske kulturene utenom det området i det nordlige Afrika der muslimsk kultur står sterkt. Kinesiske navn, som ikke blir behandla her, bygger òg i stor grad på kjente allmennord. Men i andre kulturer er betydninga mindre kjent, slik som hos oss. Det gjelder blant annet tamiler og muslimer.

Et interessant spørsmål er om fornavn fra innvandrer kulturene sprer seg i Norge. Vi legger særlig merke til at hvert av de vanligste muslimske navna blir brukt for mellom 10 og 30 nyfødte i Norge hvert år. Det betyr at de er blant de 150 til 250 mest vanlige for hvert kjønn. Dette er antakelig helst barn av innvandrere. De er ulikt geografisk fordelt, og *Mohammad* sammen med en del skrivevarianter var på 8.-plass for nyfødte i Oslo i 1999. Det er få innvandrernavn fra Asia og Afrika blant ikke-innvandrere. Men det fins noen få voksne som bytter til navn fra muslimske land eller India.

I det følgende skal vi se på navn fra tre innvandrergrupper:

- Tamiler, som stort sett er fra Sri Lanka.
- Folk med muslimsk navneskikk, særlig fra Pakistan, Iran, det nordlige Afrika, Tyrkia og Midt-Østen.
- Afrikanere sør for det muslimske området.

Tamiler

Mange tamilske fornavn er svært lange. Grunnen er oftest at de er satt sammen av flere navn.

Navna er for det meste henta fra hinduistiske gudenavn og andre religiøse uttrykksmåter, og bygger på språket sanskrit som er gammelt og ute av bruk. Dessuten tilhører sanskrit en annen språkfamilie enn tamil.

Gudene er bl.a. *Chandran*, *Krishna*, *Rama* og *Siva*. Dessuten fins det mange alternative navn for de samme gudene, som *Selva*, *Anandan* og *Nathan*. Noen gudenavn brukes alene i personnavn, andre helst i sammensetninger. Da får vi navn som *Anandanathan* og *Sivachandran*.

Religiøse uttrykksmåter er f.eks. *Dasa* som betyr 'tilhenger eller tjener', og *Raja* som betyr 'konge'. Eksempler på navn med disse er *Ramadas* og *Selvarajan*.

Ofte har navna kjønnsbestemte endinger. Noen mannlige endinger er *-an*, *-ar* og *-esh*. Endingene *-i* og *-a* er i de fleste tilfella kvinnelige.

Etter misjon og annen europeisk påvirkning er mange vestlige navn tatt i bruk, f.eks. *Andrews*, *John*, *Elizabeth*, *Mary*. Slike navn kan òg få former tilpassa tamil. *Theresal* er *Theresa* med kvinneending. *Rayappan* er oversettelse av *Peter* i betydninga 'stein', og mannsendinga *-an*. *Arul* tilsvarer *John/Johannes*, og *Jesu-Dasan* betyr en 'mannlig Jesus-tilhenger'. Blant tamilene fins òg muslimske navn.

Lange tamilske navn blir ofte forkorta til daglig, f.eks. slik at bare ett av ledda i sammensetninger blir brukt.

Det blir òg laga nye navn av tamil eller andre språk. Det kan være navn etter ord for verdifulle ting og gode egenskaper, men òg velklingende uttrykk uten mening. Og det kan være navn på historiske eller kjente personer. Eksempler fra tamiler i India er *Thangam* som betyr 'gull', *Azhagu* som betyr 'skjønnhet', *John Fitzgerald Kennedy* og *Gandhi Dasan*.

Tamilene har et eget alfabet, og det er i praksis ikke noen fast standard for transkribering til vårt. Det fins navnevarianter som *Dasan*, *Dhasan*, *Dhas*, *Das* og *Doss*.

De hinduistiske navna som tamilene bruker kan en finne mange av i navnebøker med indiske navn. Men stavemåtene kan være ulike dem som tamilene hos oss bruker.

Folk med muslimsk navneskikk

Muslimske navn er i stor grad henta fra personer kjent gjennom religiøse skrifter eller religiøs aktivitet. Navna kan stort sett spores tilbake til ord med kjent betydning. Betydningene er ofte knytta til moral, skjønnhet, og noen ganger strid og kamp. Navna har altså noen fellestrekk med mange av de norske fornavna fra tusen år tilbake.

Noen av de mest kjente religiøse navna er:

NAVN	SLEKTSKAP	BETYDNING
Mohammad		'den som er lovprist'
Fatima	Mohammads datter	'ho som avvenner barn'
Ali	Fatimas mann	'opphøyd'
Hassan	Alis og Fatimas sønn	'skjønn og god'
Husayn, Hussein	-'' -	'liten, skjønn og god'

Amina	Mohammads mor	'pålitelig'
Aisha	Mohammads kone	'vellykka'

Hvert av disse navna er det noen titalls av i Norge.

I Norge og ellers i Vesten blir navn fra muslimske kulturer stava på mange måter. Grunnene er at navna skrives med flere alfabet og brukes på mange språk, og at det er mange transkripsjonsmåter.

De mest aktuelle språka er indonesisk, malaiisk, urdu, bengali, persisk, tyrkisk, bosnisk, albansk, swahili og flere varianter av arabisk. Alfabetene er stort sett arabisk, kyrillisk og latinsk, med litt lokal variasjon.

Eksempler på variasjon i skrivemåter er:

- Mannsnavnet *Mohamed*, *Mohammad*, *Muhammad* o.a.
- Forleddet *Abd* (forklares nedenfor) sammen med den bestemte artikkelen foran navn, som i *Abd al-Rashid*, *Abd el-Rashid*, *Abd ur-Rashid*, *Abd-ur Rashid*, *Abdur Rashid*, *Abdul Rashid* o.a.
- Etterleddet *ad-din* eller *El Deen*, og andre varianter som i det sammenskrevne *Salahuddin*. Leddet markerer at hele navnet er et kallenavn eller en ærestittel. *El*, *ad*, *ud* o.a. er den bestemte artikkelen.
- Ulike transkripsjonsvarianter av den bestemte artikkelen i alle posisjoner, slik bl.a. eksempla ovenfor viser. Den normale transkripsjonen for norsk bruk er *al*.

Her ser vi at artikler, forledd og etterledd kan være knytta til resten av navnet med bindestrek, eller alt kan være sammenskrevet i ett ord. Det kan òg være mellomrom mellom. Disse småorda kan ha små eller store forbokstaver.

Tradisjonelle muslimske navneskikker går ofte i oppløsning ved utvandring. Vi skal se på et par eksempler.

Det fins 99 alternative navn for *Allah*, som *Rashid*, *Karim* og *Latif*. Når et av disse brukes som personnavn, skal *Abd*, som betyr 'tjener', stå foran sammen med den bestemte artikkelen. Da kan det bli *Abd ur-Rashid*, eller andre skrivevarianter av dette. Artikkelen hører mest sammen med navnet, ikke med *Abd*. Utenfor det muslimske kulturområdet blir det ofte bare *Rashid*.

Muslimske navn skiller seg for det meste klart ut fra vestlige navn. Men det fins navn som ser like ut og har ulikt opphav. Slike er kvinnenavna *Amina*, *Lina* og *Bibi*. Det samme gjelder det persiske mannsnavnet *Jan* og det arabiske *Basil*.

Omar er arabisk, men har minst hundre års norsk tradisjon, mest fordi dette navnet passer godt inn i norsk navnemønster. Det arabiske *Layla* er

mest sannsynlig opphavet til vårt *Laila*. Og *Yasmin*, etter plantenavnet, har Vesten fått fra arabisk. *Jasmin* er det samme navnet.

En del muslimske navn har opphav i de samme personene som fins i Bibelen. Stort sett er skrivemåtene forskjellige i muslimske og kristne kulturer. *Sara* med samme skrivemåte fins i begge kulturer, når muslimsk form blir transkribert til vestlige språk. Det muslimske *Ismail* fins som *Ismael* i den norske Bibelen. Koranens *Ibrahim* er Bibelens *Abraham*, og *Ismail* var sønn til *Ibrahim (Abraham)*, *Musa* (uttalt /mosa/) er *Moses*, *Sulayman* er *Salomo*, *Maryam/Mariam* tilsvarer det hebraiske *Mirjam* og Bibelens *Maria*, *Isa* er *Jesus*, og *Butros* er en arabisk variant av *Peter*.

Afrikanere sør for det muslimske området

Afrika har mange språk og navnekulturer, og ei framstilling som dette kan bare gi glimt. Dessuten er skikkene i stadig forandring på grunn av påvirkning utenfra og voksende kulturell bevissthet.

Muligheten for å dokumentere hva som er navn, blir begrensa fordi det er vanlig at nye fornavn blir laga av vanlige ord, uttrykksmåter, setninger og deler av ordspråk. Språka har oftest liten skriftradisjon, og dermed er det store muligheter for variasjon i nedskrivninga.

I flere afrikanske kulturer vil fornavn kunne uttrykke bl.a. spesielle ønsker som familien har for barnet, og egenskaper hos barnet. *Nyero* betyr 'latter', og *Muzito* betyr 'den som er tung'. Begge er guttenavn fra Uganda.

Navn kan vise plassering i søskenflokket. *Anan* betyr 'den fjerde i søskenflokket' hos akanene i Ghana, og *Odongo* betyr 'den yngste av tvillinger' i Øst- og Sentral-Afrika. *Chilofye* betyr 'en som føder barn som dør' og blei gitt til et barn etter at flere tidligere søsken hadde dødd ved fødselen.

Barn kan også få navn etter hendelser i tida rundt fødselen. Det kan være lokale hendelser, været, hvor en blei født, eller tidspunktet. *Kofi* betyr 'født på fredag' hos akanene i Ghana, og *Agutu* betyr 'født på en veranda' hos Samya-folket i Uganda.

Sammenhengen mellom navnegiving og betydning er i ferd med å bli løst opp noen steder, slik at *Kofi* godt kan være født på en annen dag enn fredag.

Hendelser ved fødselen kan òg være besøk av fremmede, f.eks. fra Europa. Det kan føre til navn der bl.a. 'hvit' eller 'europeer' er del av betydninga. *Balijjaddi* betyr 'når kommer europeerne?'. Det er første del av et ordspråk som fortsetter: 'og gir oss gode ting?'. Slike opplevelser kan òg bli til navn som er blanding av engelsk og lokalt språk. *Musoda* er

mannsnavn hos flere folkeslag i Tanzania. Det er laga av *soldier* (soldat) og det mannlige forleddet *Mu*.

Sjølve navnet på de besøkende kan òg bli brukt. Navnet *Erik Bye* fins i Afrika. Eller navna på de besøkende har blitt tilpassa språket, som *Terebushi* av *Père Bush* og *Terebura* av *Père Blanc* ('hvite far'). Andre eksempler på endringer i forma er *Huluda* av *Hulda* og *Saala* av *Sara*, fra gamle misjonsmarker i det nordlige Namibia.

Mange av disse navna følger nok av kontakt med Vesten gjennom misjon, handel og hjemvendte slaver.

En del slaver har kommet hjem med vestlige etternavn som fornavn eller etternavn, f.eks. *Benson* og *Simpson*. Slike navn har i en del tilfeller blitt tatt i bruk som fornavn i Afrika.

Etternavn til kjente personer i verden ellers kan òg ha vært forbilder. Eksempler på slike fornavn er *Churchill*, *Stalin*, *Mao* og *Kennedy*. Vestlige etternavn fins også i norske navnesøknader der innvandrere fra Afrika ber om slike fornavn.

Andre utenlandske ord og uttrykk blir òg til navn, som *Airport*, *Lovejoy*, *Givemore*, *Welcome* og *Pepsicola*. Eller det kan være blandinger, som *Mufaransa* og *Mafaranga* laga av myntenheten *francs*.

Afrikanske navn, med unntak av importerte, har lite sammenfall med vestlige navn. Det fins noen som er like våre i skrift, men som har et helt annet opphav. Slike er mannsnavna *Kato*, *Odwar* (afrikansk form) og *Otto*, og videre *Ola* i Nigeria og *Kaya* i Uganda som begge er både kvinne- og mannsnavn.

Referanser

Framstillinga bygger både på bakgrunns materialet som er brukt til omtalen av de samme navnekulturene i den nye offentlige utgreinga om ny personnavnlov, og referansene som fins i min artikkel i *Namn og nemne* nr. 31.

Omtalen av tamilsk skikk bygger i tillegg på "Personal Names in Tamil Society" av Francis Britto, i *Anthropological Linguistics*, Vol. 28 (1986), s. 349–365.

Noen av de afrikanske eksempla er henta fra artikkelen "Navnet skjemmer ingen" av Niels Jacob Harbitz i *Klassekampen* 18.11.2000, s. 26–27.

Knut S. Vikør ved Senter for Midtøsten- og islamske studier ved Universitetet i Bergen har vært til god hjelp i arbeidet med muslimsk navneskikk. En takk til ham. Men det er undertegnede som har ansvar for ev. feil.

Ivar Utne
Bergen

RETTINGER TIL ARTIKKEL I NR 31

I artikkelen ”Mellom- og etternavn i andre land” i *Nytt om navn* nr. 31 er opplysningene om spansk navneskikk ikke i samsvar med spansk lovgivning.

Ektefeller beholder begge de tidligere etternavna sine også når de gifter seg. Bruken av ektefellens navn, med preposisjonen *de* foran, er utbredt i den spanske kulturen. Dette er en uoffisiell bruk i Spania. Bruken i andre spansktalende land ser ut til å skifte fra land til land og muligens over tid.

Navneloven i Spania blei endra våren 2000 slik at bruken av fars og mors slektsnavn er likestilt. Det innebærer at det første av de to etternavna òg kan være moras etternavn, og at dette altså er overordna f.eks. i register.

I den samme artikkelen er omtalen av tamilsk navneskikk ved en feil plassert under Afrika. Tamilene kommer fra Asia.

IU

NORSKE FORNAVN PÅ TOPP 1999

Emilie og *Martin* var de mest populære navnene i 1999. *Emilie* har hatt en voldsom framgang, så sent som i 1987 var det bare syv jenter som fikk dette navnet. *Martin* har imidlertid vært på topp flere ganger på 1990-tallet.

Emilie er helt klart årets navn, og utviklingen av populariteten har et typisk forløp: *Emilie* ble en god del brukt før og ved forrige århundreskifte. Så gikk det praktisk talt helt ut av bruk. På 1950-tallet var det mange år uten at noen overhodet fikk navnet *Emilie*.

I 1998 var *Emilie* nummer åtte på listen over de mest brukte pikenavnene, men i 1999 kapret *Emilie* altså førsteplassen. Vi har ingen annen forklaring på fenomenet, annet enn at pene gamle navn alltid kommer tilbake når det får tid nok på seg. Det kan virke som populariteten først kom i urbane strøk og på Østlandet. Både i 1999 og 1998 var *Emilie* mest brukt i Oslo. I Sogn og Fjordane og Nord-Trøndelag er navnet imidlertid fortsatt nesten ukjent.

Martin har holdt seg stabil en stund, og det er femte gang at *Martin* topper guttelisten på 1990-tallet. Gjennom 1990-tallet har *Martin*, *Kristian* og *Andreas* byttet på å være de mest populære guttenavnene. I 1997 kom *Markus* og blandet seg inn, og har fast plass som nummer to. *Sander* var

”ny” i 1998, og har stabilisert seg som nummer fem. Den nye i 1999 er *Mathias* på syvende plass, navnet har vært i vekst lenge. *Thomas* kom inn på ”Ti på topp” i 1971 og er blitt nummer ni. *Kristian/Christian* har vært med siden 1974, noe som er en bemerkelsesverdig standhaftighet.

Endringene fra et år til det neste er sjelden dramatiske, men over tid blir utslagene store. Navn å være oppmerksomme på nå er *Tobias* og *Adrian* på guttesiden, og *Andrine* og *Victoria* på jentesiden. *Silje*, *Camilla* og *Espen* er eksempler på navn som er på hell.

Noen ulikheter er det landet rundt. Oftest er det tilfeldighetene som råder, som når *Thomas* er på topp i Rogaland og *Jonas* i Nord-Trøndelag. Mer reelt er det nok at *Simen* er populær i Hedmark, og *Ole* i Hedmark, Sogn og Fjordane – samt Møre og Romsdal. Vi legger også merke til *Mohammad* i Oslo. Enkelte jentenavn har pekt seg ut i samme fylke to år på rad. Legg merke til blant andre *Victoria* i Nordland, *Amalie* i Hordaland, *Maria* i Aust-Agder, *Nora* i Oslo og *Stine* i Vest-Agder.

Andelen med flere fornavn sank litt, til 23,1 prosent for guttene og 24,5 prosent for jentene. Bindestrek brukes av henholdsvis 2,0 og 1,5 prosent for gutter og jenter. I 1955 hadde 48,6 prosent av guttene og 45,3 prosent av jentene flere fornavn. Den gangen var korte navn som *Jan* og *Anne* populære. Det gav plass til flere navn. En annen årsak til at færre har flere fornavn kan være at det er blitt så vanlig med mellomnavn. 44,3 og 44,7 prosent av gutter og jenter får i dag mellomnavn. Ofte får de fars etternavn og mors pikenavn som mellomnavn. De mest brukte andrenavnene er *André* med 580 og *Marie* med 682. Langt bak kommer *Alexander* 314, *Kristian* 239 og *Andreas* 238, og for jentene *Sofie* 284 og *Kristine* 246. Mest brukte kombinasjon er *Ole Martin* 47, *Ole Kristian* 44, *Ida Marie* 62 og *Silje Marie* 23.

Statistikken er laget på grunnlag av 58 082 navnemeldinger på nyfødte til folkeregisteret i 1999. Av dem er om lag 48 000 født i 1999.

Jørgen Ouren
Oslo

Jorgen.Ouren@ssb.no

FÖRENAMN PÅ MOTEN I SVERIGE

Oscar og *Emma* var dei to mest populære førenamna i Sverige i 1999. Namn som tidlegare var på moten, som *Alf*, *Gudrun*, *Birger* og *Göran*, går derimot meir og meir or bruk, ofte for di foreldregenerasjonen i dag sjølv

har hatt foreldre eller lærarar som heitte nettopp dette, skriv *Svenska Dagbladet*. Andre namn som er blitt særst populære dei siste åra, er *Lukas*, *Isak*, *Hugo* og *William* for gutar, og *Alva*, *Filippa* og *Moa* for jenter. Mange svenske foreldre kallar også døtrene sine for *Vilma*, etter jenta i den kjende TV-serien *Skjærgårdsdoktoren*. Jentenamnet *Emma* ser ut til å vera særleg populært i Göteborg og Sør-Sverige, til liks med gutenamnet *William*. I Stockholm er det særleg namna *Hanna* og *Erik* som er populære no.

Lista over dei ti vanlegaste gutenamna som var gjevne i Sverige i 1999, ser slik ut (Docent Eva Brylla har formidla opplysningane frå Statistiska centralbyråen) : 1) *Oscar*, 2) *Filip*, 3) *Simon*, 4) *Erik*, 5) *Anton*, 6) *Viktor*, 7) *Alexander*, 8) *William*, 9) *Jonathan*, 10) *Emil*. Elles kan det nemnast at *Lukas* kom på 12. plass, *Isak* på 27. plass og *Hugo* 39. plass.

Dei ti vanlegaste jentenamna for 1999 var 1) *Emma*, 2) *Julia*, 3) *Elin*, 4) *Hanna*, 5) *Amanda*, 6) *Linnea*, 7) *Wilma*, 8) *Matilda*, 9) *Moa*, 10) *Ida*. *Alva* kom på på 33. plass, *Filippa* på 39. plass.

BH

DE MEST POPULÆRE FORNAVNE I DANMARK

Efter kun et år på førstepladsen er *Cecilie* nu blevet afløst af *Emma* som det mest populære pigenavn i 1998. 33 ud af 1.000 piger født i 1998 fik navnet *Emma*. Nye på listen over de 50 mest anvendte pigenavne er *Victoria* og *Jasmin*.

Årets højdespringer blandt pigenavnene er *Lærke* – fra en placering som nr. 48 i 1997 til en placering som nr. 37 i 1998. Pigenavnet *Malene* faldt 10 pladser ned af listen – fra nr. 40 i 1997 til nr. 50 i 1998.

Hos drengene er der ingen udskiftning på førstepladsen. *Frederik* er således stadig det mest populære drengenavn i 1998. 34 ud af 1.000 drenge født i 1998 fik navnet *Frederik*. Nye på listen over de 50 mest anvendte drengenavne er *Malthe* og *Carl*.

Årets højdespringer blandt drengenavnene er *Victor* – fra en placering som nr. 33 i 1997 til en placering som nr. 26 i 1998. Drengenavnet *Michael* faldt otte pladser ned af listen – fra nr. 39 i 1997 til nr. 47 i 1998.

Oplysningerne om fornavne bygger på et udtræk pr. 1. januar 2000 fra det Centrale Personregister (CPR). I navnestatistikken er kun børn født i 1998, som bor i Danmark pr. 1. januar 2000, medtaget.

Navnestatistikken er baseret på det første fornavn. To navne med bindestreg imellem betragtes som ét navn. For navne med flere stavemåder

er antallene lagt sammen og anført med den stavemåde, der var mest benyttet.

Pigenavne ***Drengenavne***
(Placering 1997 i parentes)

1 Emma (2)	1 Frederik (1)
2 Cecilie (1)	2 Mads (2)
3 Sofie (4)	3 Christian (4)
4 Sarah (3)	4 Mathias (3)
5 Julie (5)	5 Rasmus (6)
6 Katrine (6)	6 Mikkel (5)
7 Caroline (10)	7 Jacob (10)
8 Camilla (7)	8 Andreas (12)
9 Laura (12)	9 Emil (9)
10 Emilie (8)	10 Jonas (11)
11 Maria (9)	11 Kasper (7)
12 Ida (13)	12 Nicolai (8)
13 Mathilde (17)	14 Simon (13)
15 Louise (11)	15 Tobias (15)
16 Anna (15)	16 Magnus (21)
17 Line (14)	17 Daniel (14)
18 Josefine (25)	18 Anders (17)
19 Anne (18)	19 Nicklas (18)
20 Signe (16)	20 Martin (20)

Bente Holmberg
København

NY NAMNLÄNGD I DE SVENSKA ALMANACKORNA

Från och med 2001 införs en ny namnlängd i de svenska almanackorna. Orsaken härtill är att det under ett antal år har rått en viss oordning i det svenska namnsdagsfirandet, vilket i sin tur till stor del har berott på att ingen har haft förvaltningen av almanackans namnlängd som officiellt uppdrag sedan Vetenskapsakademiens almanacksprivilegium upphörde 1972. Olika almanacksutgivare har därvid lanserat olika namnlängder, vilket har vållat problem för namnsdagsfirarna. Den nya namnlängden har sammanställts av ett arbetsutskott bestående av företrädare för olika almanacksintressenter: Sture Allén (Svenska Akademien), Eva Brylla (Språk- och folkminnesinstitutet), Gustaf Edström (Almanacksförlaget Chrono AB, f.d. Esselte Almanacksförlag), Birgitta Lindgren (Svenska språknämnden) och Lotten Wesslén (Verbum Förlag). I utskottet har även ingått Bengt af Klint-

berg som representant för folkminnesforskningen och Bo Svensén (Svenska Akademiens sekretariat).

Den namnlängd som införs från och med 2001 är tänkt att utgöra en lösning på lång sikt. Svenska Akademien, Vetenskapsakademien, Vitterhetsakademien och Språk- och folkminnesinstitutet har därför åtagit sig uppdraget att under benämningen Namnlängdskommittén gemensamt förvalta namnlängden.

I *Namnlängdsboken. Historien bakom namnen i almanackan* (2000) (Skrifter utg. av svenska språknämnden 83.) ges bakgrunden till och principerna för 2001 års namnlängd. Här kan man bland annat läsa om den nya namnlängdens tillkomst, vilka namn som har lagts till, strukits och flyttats, om tidigare svenska namnlängder, om namnlängder i andra länder och om namnlängdens roll i den kyrkliga och folkliga traditionen. De olika bidragen är författade av medlemmarna i den arbetsgrupp som utarbetat den nya namnlängden.

Eva Brylla
Uppsala

-XEN OG -XON SOM PATRONYM

I 1995 ga Olav Veka ut boka/listen *Norske etternamn*. I kapittel II har han ført opp etternavn/patronym som ender på *-sen*, og i kapittel III de øvrige (etternavn/patronym som ender på *-son*, *-søn*, *-sønn* og *-zen*). Men han har faktisk uteglemt to varianter – nemlig de som ender på *-xen* og *-xon*. Noe særlig vanlige er de ikke (de forutsetter at forleddet ender på *k/ks*), men varianten *Bendixen* (for *Bendiksen*) brukes iallfall av 286 personer. I telefonkatalogen for Oslo finner vi også *Erixon*, og denne varianten av *Eriksen/Erikson* er forholdsvis vanlig i Sverige.

På forespørsel har Jørgen Ouren ved Statistisk sentralbyrå bekreftet at det ikke finnes andre patronymer som ender på *-xen* (etternavnene *Woxen* [112] og *Tuxen* [29] er ikke patronymer). Når det gjelder *-xon* er han mer usikker - ett eller flere av de følgende etternavnene er kanskje patronymer: *Dixon* (24), *Nixon* [sic!] (9), *Moxon* (5), *Ajaxon* (3>), *Saxon* (3>) og *Coxon* (3>).

Frode Korslund
Oslo

NORNA-RAPPORTAR

UTANLANDSKE NAMN I NORDEN

Botolv Helleland og Leif Nilsson (red.): *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNAs tjuesjette symposium i Oslo 28.-30. mai 1997*. (NORNA-rapporter 68.) NORNA-förlaget. Uppsala 1999. 263 sider.

NORNAs tjuesjette symposium vart halde på Kringsjø i Oslo 28.-30. mai 1997 og handla om temaet *Utanlandske namn i Norden*. Rapporten frå dette symposiet, redigert av Botolv Helleland og Leif Nilsson, blir stutt omtala av Gudmund Harildstad i *Nytt om namn* 31. I denne meldinga skal eg gå grundigare inn i den mest sentrale problemstillinga i rapporten: attgjeving av geografiske namn på fremmende språk. Her ligg det til dels viktige problemstillingar som i denne globaliserte tida fortener å følgjast opp. Dei andre interessante emna som blir drøfta i rapporten, heile vegen på ein informativ og god måte, får takast opp ein annan gong.

Heilt sentralt står begrepa – og dermed termene – *eksonym* og *endonym*. Rapporten inneheld fleire definisjonar av desse omgrepa som viser at dei ikkje blir brukte eintydig. Dei grundigaste analysane og problematiseringane finn vi i artiklane av Eeva Maria Närhi (”Exonyms from a national and international point of view”), Kaisa Rautio Helander (”Samiske navn som eksonymer og endonymer”) og Jan Brodal (”Endonymi eller eksonymi? Noen prinsipielle og praktiske betraktninger”).

Kortversjonen av ein definisjon er at *endonym* er dei stadeigne formene av dei geografiske namna, mens *eksonym* er avvikande former som blir brukte i andre land. *København* er endonym, mens *Copenhagen* og *Köpenhamn* er eksonym. Dette er toppen av isfjellet. Når ein har lese artiklane av Gunnstein Akselberg (”Skrivemåten av utanlandske stadnamn i atlas og lærebøker for grunnskulen”) og Bent Jørgensen (”Exonymer i formelt sekundære navne. *Lembergsgade, Lvovgade* eller *Lvivgade?*”), har ein sett to diametralt ulike måtar å bruke *eksonym* på, utan at nokon av dei to gjer dette særleg eksplisitt. For Akselberg er eksonym det eg nettopp skreiv: avvikande former i andre land. For Jørgensen er eksonym derimot alle geografiske namn som gjeld lokalitetar i andre land. Med andre ord: *København* er endonym i Danmark, men eksonym i Noreg, sjølv om vi stavar det like eins som danskane. På same vis er *Stockholm* eksonym i Noreg og Danmark. I Akselbergs språkbruk er dei stadeigne formene *København* og *Stockholm* endonym same kor dei blir brukte; først når dei blir endra (t.d. til *Kööpenhamina* og *Tukholma*) blir dei eksonym.

Det er Akselberg som følgjer definisjonen til UNGEGN, som blir sitert av Hans Ringstam (”FNs arbete med ortnamn”; sjå òg s. 16 i *Nytt om namn* 31) og av Närhi. Men Närhi gjer merksam på at UNGEGN ikkje har vore

konsistent, og tidlegare har vore inne på ein definisjon som tilsvarer Jørgensen sin. Ho vil likevel ikkje følgje den, og det er nok det mest føremålstenlege. UNGEGNs hovudprinsipp er at endonymi-prinsippet skal gjennomførast internasjonalt, og etter Jørgensens begrepsbruk ville det bli ei sjølvmotseiing pr. definisjon. Vi held oss derfor til denne forståinga her, som også dei andre arikkelforfattarane gjer.

Men det er mye meir i dette isfjellet. Vi kan sitere den offisielle definisjonen på eksonym og endonym ifølgje UNGEGN (i mi omsetjing):

”*Eksonym* er eit geografisk namn som blir brukt i eit visst språk for eit geografisk objekt som ligg utanfor det området der dette språket har offisiell status, og som skil seg frå det namnet som blir brukt i det offisielle språket eller dei offisielle språka i det området der det geografiske objektet ligg. *Endonym* er eit namn på eit geografisk objekt på eitt av språka i det området der objektet ligg.”

Dei to definisjonane høver ikkje heilt godt saman, og det er eksonymdefinisjonen som skaper problem. Der blir det lagt stor vekt på det aktuelle språkets offisielle status, mens endonymdefinisjonen berre stiller krav om at språket skal vere i bruk i det aktuelle området. Helander beskriv dei store problema denne eksonymdefinisjonen skaper for minoritetsspråk med ein avgrensa eller utrygg offisiell status, sjølv sagt med samisk som konkret døme. Konsekvensen av definisjonen er faktisk at samiske namnformer i område der samisk blir brukt, men ikkje har offisiell status, må klassifiserast som eksonym, noko som er klart uakseptabelt.

Brodal peikar på eit anna vesentleg problem: tilhøvet skrift – uttale. UNGEGN tek einssidig utgangspunkt i skriftformene, og tilslører dermed at eksonyme skrivemåtar kan fremme endonym eller tilnærma endonym uttale. Eit godt døme på det er *Jakarta*, som i den eksonyme (men tidlegare endonyme) skrivemåten *Djakarta* får fram den stadeigne uttalen av namnet i språk der *j* blir uttala som på norsk. UNGEGN har hatt visse problem her, i samband med transskripsjon frå ikkje-latinske alfabet og bruk av diakritiske teikn. Dei har løyst det ved å klassifisere transskriberte former, t.d. av russiske og arabiske namn, som endonyme, og diakritiske teikn har dei vedteke at ein skal sjå bort frå. Brodal peikar korrekt på at dette er språkleg urimeleg: Dei diakritiske teikna er i mange språk like konstituerande for rettskrivinga som dei vanlege bokstavane. Ingen i Norden vil såleis finne på å rekne *Skane* (= Skåne) som eit endonym.

Närhi har ein spesielt instruktiv artikkel der ho drøftar grunnbegrepa, klassifiserer eksonym både på lingvistisk, topografisk og språkbruksmessig grunnlag, listar opp dei ulike UNGEGN-resolusjonane om saka frå 1972 til 1992, og avsluttar med ei dømeliste over korleis ein del sentrale namn blir

gjengitt på ulike europeiske språk. Ho stiller òg spørsmålet om termene eksonym og endonym trengst i det heile. Ho viser til at ein i engelsk gjerne bruker ”foreign conventional name”, og at dei i finsk greier seg bra med noko tilsvarande. Til det er å seie at alle namn er konvensjonelle, bortsett frå dei heilt nylaga – anten dei er eksonyme eller endonyme. Presise og fagleg forsvarlege begrep og termar er nødvendige sjølv om daglegspråket er meir omtrentleg, og om vi ikkje hadde hatt *eksonym* og *endonym*, måtte vi ha funne på noko anna. Feilen er at dei ikkje er blitt presiserte slik dei bør, og derfor heller ikkje har hatt den klargjerande funksjonen som det eigentleg var oppgåva deira å ha. UNGEGNs bruk av termene verkar meir politisk og byråkratisk motivert enn språkleg. Det trengst altså nye og presise definisjonar som fangar opp dei problema eg har skissert kort her, og som særleg Brodal og Helander har gjort betre og grundigare greie for i rapporten. Eg ville derfor definere *endonym* som ”eit geografisk namn i si stadeigne form”, og med det meine den forma som blir brukt i det språket som blir snakka og skrive på staden, anten det er i ei dialektal eller riksspråkleg form. *Eksonym* vil eg definere som ”geografisk namn i ei språkleg form som ikkje hører heime i det landet lokaliteten ligg i”. Dermed får vi eit ope begrepsfelt mellom dei to, nemleg namneformer som er offisielle og/eller naturleg brukte i det landet der lokaliteten ligg, men ikkje på staden. Her ville eg bruke ein tredje term; Helander nemner termen *allonym* for dette begrepet. For G. H. Brundtlands noverande arbeidsstad blir da *Genève* endonym, *Genf* og *Ginevra* (italiensk) allonym, og *Geneva*, *Ginebra* (spansk), *Geneva* (rumensk, litauisk) osv. eksonym.

Etter mi meining vil det vere mest høveleg samla sett å gå ut frå skriftforma i begrepsapparatet, trass i dei reelle problema Brodal nemner når det gjeld uttalen. Det *er* vanskeleg å kalle den bokstavlege finske uttalen /'geneve/ for endonym (men mindre vanskeleg med den norske uttalen /S'nev/ – trass i den ustemte framlyden, som sjølv sagt skal vere stemt i fransk). Unntaket må vere ved transskripsjon av ikkje-latinske bokstavar, der ein transskripsjon som gir att ein tilnærma uttale bør reknast som endonym, som FN òg gjer. Men ein bokstav-for-bokstav-transskripsjon etter eit fastlagt system må rett nok også kallast endonym, sjølv om han kan føre til avvikande uttale.

UNGEGNs og dermed FN's politikk er å gå inn for endonymi så langt som mogleg. Grunnen er at ein ønskjer éin internasjonalt anerkjent skrivemåte for kvart stadnamn, og da er alternativet anten endonymi, altså bruk av den stadeigne namneforma i alle språk, eller at formene i eitt språk (i praksis engelsk) blir gjort normgjevande. Det siste er politisk uakseptabelt. Men det første er urealiserbart, ikkje berre fordi endonymi i ein del tilfelle

(fleirspråklege samfunn) *må* føre til ei viss valfriheit, men primært fordi eksonym i mange tilfelle er blitt så innarbeidde og tradisjonelle at det vil kjennast som eit overgrep å ta dei bort. UNGEGN aksepterer forsåvidt også dette, og gjer unntak for nettopp sterkt innarbeidde tradisjonelle former. Men signala er ikkje heilt eintydige, somme resolusjonar peikar klart mot full endonymi som eit mål. I praksis er det sjølvsagt dei store og dominerande verdsspråka med engelsk i spissen som kjem til å bestemme utviklinga: Om islandsk skiftar alle sine eksonym ut med endonym, vil det berre vedkomme islendingane, men om engelsk gjer det, vil det få global verknad.

At ei målsetjing om fullstendig endonymi ligg utanfor den verkelege verda, blir med god grunn slått fast av fleire av bidragsytarane, særleg Brodal og Leira er kritiske. Samtidig er det slik at dei fleste språk har ein større eller mindre grad av endonymi – fullt gjennomført eksonymi er altså også sjeldsynt, i alle fall innanfor vår kulturkrins. Dei situasjonsrapportane som blir gitt om praksisen i Noreg (Akselberg, Brodal, Vagleik Leira: ”Norsk språkråds arbeid med utenlandske geografiske navn”), Finland (Peter Slotte: ”Utländska namn på finska och svenska i Finland – och tvärtom”) og Færøyane (Jógvan í Lon Jacobsen: ”Udenlandske navne i det færøske atlas”) fortel mest om sprik, inkonsekvens og dårleg gjennomtenking av problema i alle landa, og det er lite truleg at det er annleis andre stader. Ulike geografiske namn har heilt ulik status i språkbruken og ”tankeverda” til folk i ulike land og ulike tider, og tilstrøyminga av nye namn inn i offentlegheitene våre er enorm, heilt uregulert og stadig aukande gjennom globaliseringa på alle nivå. Dette gjer ein einsarta politikk umogleg. Endonymi som uttrykk for respekt for ulike lands særeigne namnetradisjonar er eit sympatisk ideal, men den andre sida av UNGEGN-ideologien, trongen til internasjonal standardisering og einsretting over heile lina, er det god grunn til å rope varsku mot. Det er ikkje teknologien som skal bestemme korleis denne delen av kulturtradisjonane i verda skal behandlast. Visse retningsliner for skrivemåten av namn burde det likevel vere mogleg å semjast om, så sant ein gjer dei rimeleg realistiske, praktiserbare og fleksible. I det følgjande avgrensar eg meg til norske tilhøve.

Endonymi bør vere regelen når det gjeld namn som hører til innanfor eit land eller språkområde, med det atterhaldet at generiske appellativ er på norsk, altså *Ontariosjøen*, ikkje *Lake Ontario*. Somme innarbeidde namn på større eller svært kjende lokalitetar (som hovudstader, store øyar av typen *Sardinia*, historisk kjende namn som *Auschwitz* o.l.) må ein kunne gjere unntak for, men ein bør ikkje gjere slike unntak i utrengsmål. Endonymien kan uansett berre vere tilnærma: Såleis må ein ofte kompromisse

når det gjeld aksentteikn, sjølv om det eigentleg er uheldig. På sett og vis får vi ein sjølvmotseiande dobbeleffekt: Dess fjernare namnet er for oss, dess meir endonymi får vi, fordi vi ikkje har innarbeidde eksonym – men samtidig blir nyansar særleg i uttalen mindre presise og meir fornorska fordi kunnskapane i dei aktuelle språka er mangelfulle. Også med aksentteikn er det rimeleg å vere meir nøye ved språk som er nær oss geografisk, ikkje minst samisk, islandsk og færøysk. Eit så aksentrikt skriftspråk som vietnamesisk, der aksentteikna mest blir brukte til å gjengi nyansar som uansett ikkje noko norsk øyre oppfattar, er det derimot uråd å gjengi ”korrekt”. Vi må truleg leve med at det blir ein inkonsekvent mellomtilstand når det gjeld austeuropeiske språk, pyreneiske spåk o.a.

Uttalen må vi òg kompromisse med, og det å regulere vanlege folks uttale er like håplaut her som i andre samanhengar. Men i munnlege massemedium med språkkonsulentar bør det vere klare retningsliner, slik at namn blir uttala så korrekt som råd med dei midla det norske fonologiske systemet (og dei språka mange nordmenn kan) rår over. Såleis bør korrekt trykk kunne gjennomførast. Dette arbeider dei aktuelle konsulentane mye med.

For namn som ikkje er ”interne” for eitt land eller språkområde, bør vi derimot kjenne oss friare til å bruke norske former. Närhi treffer spikeren på hovudet når ho seier at slike namn er ”eksonym pr. definisjon”. (UNGEGN ønskjer elles at land som deler slike lokalitetar skal bli samde om eitt namn og melde frå til FN om det slik at alle kan gjennomføre det – her er det einsrettingsideologien som stikk hoven fram att.) Denne gruppa namn omfattar sjølvsgagt hav som *Stillehavet* og *Middelhavet*, fjellområde som *Alpane* og *Pyreneane*, og grenseoverskridande elvar som *Rhin* og *Donau*. Ikkje minst omfattar ho landsnamn, sidan dei kan reknast som utanverdas etikett på landet.

Dette er eit viktig og ofte følsamt område. Ein bør sjølvsgagt unngå å bruke namn som av politiske grunnar blir avviste av landet sjølv, som *Rhodesia* for *Zimbabwe*. Det avviste namnet blir da forvist til historie-bøkene, der det framleis vil gjere teneste. (Her kan det vere vanskelege politiske vurderingar inne i biletet: Namnet *Sri Lanka* er singalesisk, og innført i verdas språk mot viljen til den tamilske minoriteten i landet – som Brodal nemner på s. 160.) Men dersom vi bruker det same namnet som det aktuelle landet, bør vi kunne skrive det på norsk – ikkje minst fordi namna blir brukte i norske appellativ (innbyggjarnamn) og adjektiv. Vi bør halde på *Jemen*, *Tsjad*, *Kongo*, *Kambodsja*, *Burma*, *Filippinane*, *Sveits* osv. Men også her bør vi vere fleksible og ikkje dogmatiske: Namn som *Chile*, *Canada*, *Cuba*, *Mexico*, *Algerie*, *Zambia* og *Zimbabwe* er innarbeidde, og

eventuelle inngrep her vil skape problem heller enn å løyse dei. Omsetjingar som *Elfenbeinskysten* for *Côte d'Ivoire* bør forbli særsyn. I dette eine tilfellet skjedde det nok fordi det er solid internasjonal presedens for det (*Ivory Coast* osv.) – mens *Costa Rica* heiter det same på alle språk, derfor har vi ikkje fått *Rikekysten.

Store øyar og øygrupper kan vere eit problem her. Mange av desse er tradisjonelt godt kjende på norsk med europeiserte namneformer som vik av frå nyare namn dei har fått etter at dei er blitt (delar av) eigne statar. Her må ein nesten bruke skjønn heller å stå på den jarnharde konsekvens. *Ceylon* har vi altså vraka, men *Madagaskar* held vi stadig på, ikkje *Malagasy*. Eit vanskelegare tilfelle er *Borneo*, som er delt mellom tre statar: Indonesia, Malaysia og Brunei. Her er det slik at indonesarane kallar heile øya *Kalimantan*, mens malaysiarane og bruneiarane bruker *Kalimantan* om den indonesiske delen, og *Borneo* om heile øya. Her er det nok mest rimeleg på norsk å skrive *Borneo*, eller *Kalimantan* med *Borneo* i ein forklarande parentes. Eit problem er òg nemninga *Sundaøyane*. Nårhi skriv på s. 116 at dei på indonesisk heiter *Kepulauan Sunda*, men det stemmer ikkje: Dette er berre ei indonesisk omsetjing av eit europeisk-språkleg namn som aldri blir brukt i Indonesia – ei kolonial mistyding av namnet *Sunda* som eigentleg står for Vest-Java. For dei såkalla ”små Sundaøyane” bør vi heller innarbeide endonymet *Nusa Tenggara* ('øyane i søraust'), sjølv om det også må forklarast på norsk første gongen ein bruker det.

Eit særleg problem for oss er dei finlandske namna, der vi har to sett endonym å velje mellom, nemleg dei finske og dei svenske. Det er mye uklarheit om dette i Noreg, også i Norsk språkråd, å dømme etter ein diskusjon om saka på rådsmøtet i februar i år. Men her har finlendarane komme oss til hjelp ved å utarbeide eit sett retningsliner som Slotte greier ut om på s. 89-92. Dei gjeld fleire språk, men for dei skandinaviske språka går retningslinene ut på at ein der bør bruke dei svenske namna der slike finst, enkelt og greitt. Det er eit fellesvedtak i dei to finlandske språk-nemndene, den finske og den finlandssvenske, frå 1997. Vedtaket bind sjølv sagt ingen, sidan finlendarane ikkje har rettsleg myndigheit i andre land (i samsvar med det generelle poenget Leira slår fast: ingen utanlandsk instans kan påleggje oss å skrive namn på ein bestemt måte; makta over skrivemåten ligg liksom makta over språket elles utan unntak i det samfunnet der språket blir brukt). Men det er ei tilråding, og det er rimeleg å følgje denne tilrådinga frå dei mest autoritative språkorgana i det landet der namna hører heime.

Grønland og Sameland byr på delvis, men ikkje heilt, parallelle problem. For Grønlands del er både danske og grønlandske namn formelt endonym,

sidan dei to språka er jamstilte. Men det finst ikkje nokon dansk territorielt basert minoritet, så eigentleg er dei danske namna allonym. Det vil vere naturleg for oss å prioritere dei grønlandske namna som ”ekte” endonym, trass i at dei danske er meir umiddelbart tilgjengelege for oss. Sjølve øya bør likevel framleis heite *Grønland: Kalaallit Nunat* vil av mange grunnar (både historiske og språkstrukturelle) vere heilt ufunksjonelle i norsk. M.a.o.: Vi bør følgje same praksisen som vi gjer når det gjeld Færøyane.

Når det gjeld Sameland, har vi mest med ekte ”dobbelt-endonym” å gjere. Det mest konsekvente ut frå retningslinene ovanfor vil vere å bruke dei norske namneformene i norsk, men her har vi ein politisk situasjon som gjer at vi må akseptere at begge blir brukte ved sida av kvarandre med noko ulik signalverdi. Eg stussar forresten når Närhi i lista si over namneformer i ulike språk gjer *Sápmi* synonymt med finsk *Lappi* og norsk og svensk *Lappland*. Så vidt eg forstår, bruker samane *Sápmi* om det samiske kjerneområdet på tvers av riksgrensene, og da blir verken Finnmark, Lappland eller Lappi det same. Her er det vel rett å sanksjonere nylaginga *Sameland*, som ikkje fell saman med noko tradisjonelt inndelingsnamn.

Til slutt: Jørgensens problematikk, bruk av eksonym i gatenamn, ligg vel litt på sida. Gatenamna er endonym i seg sjølv, og bør ha same rettar som andre endonym. Så får det våge seg at konnotasjonane deira kan skifte: Jørgensen nemner *Nordlandsgade* (gruppe 4 på s. 63), som visstnok er oppkalla etter det svenske *Norrland* (s. 65), men i som i dag vil føre tanken til vårt *Nordland*.

Lars S. Vikør
Oslo

NORDISK NAMNFORSKNING 1999

Nordisk namnforskning er prenta i *Namn och bygd* 88 (2000) s. 135–164 og vert samstundes gjeve ut som særtrykk i NORNA-rapporter 72. Her kan ein lesa om den namnevitskaplege produksjonen i Norden i 1999. Som vanleg er det eit stort tal titlar som er omtala frå dei einskilde landa. At Kåre Hoels *Bustadnavn i Østfold. 3. Våler* (Oslo 1999) redigert av Tom Schmidt, ikkje er omtala, er ei forgløyning. Åse Kari Hansen og Gunnstein Akselberg har stått for det norske litteraturoversynet.

ANDRE BOKOMTALAR

NORSK ETTERNAMNLEKSIKON

Olav Veka: *Norsk etternamnleksikon*. Det Norske Samlaget. Oslo 2000. 501 sider.

Etter *Norsk stadnamnleksikon* (1. utg. 1976) og *Norsk personnamnleksikon* (dvs. fornamnleksikon, 1. utg. 1982) har vi no også fått *Norsk etternamnleksikon*. Det er redigert av Olav Veka, er altså det første av sitt slag i Noreg og det største i Norden, og inneheld 25 000 namn. Det er berre fjerdedelen av alle dei etternamna som finst i Noreg, men Veka måtte setje ei grense ein stad, og den set han ved 25 namneberarar. Likevel har han gjort visse dispensasjonar, m.a. for særleg kjende namn. For slike har han redusert opptaksgrensa til 0 namneberarar (*Quisling*).

Kjelda til Veka er folkeregisteret. For å vise kva slags opplysningar artiklane inneheld, gir eg att to artiklar som døme:

Hammer. 2767 (STrl 469, NTrl 416), 1: av gardsn. m.a. i Selbu og Inderøy, sjå **Hamar**.

2: frå tysk som **Hamer**. 3: i engelsk av *hamm* 'sandslette ved vatn'

Vikør. 73 (Hrd 42, Osl 11), av gardsn. Vikøy i Kvam skrive "Vikøyar" ca. 1360

Etter oppslagsforma følgjer talet på namneberarar, med spesifisering for dei to fylka med flest berarar i parentes. Så kjem opphavsforklaringa(ne). Nokre namn på tradisjonelle embetsmannsslekter får æra av å få stamfaren nemnd med namn og årstal (t.d. under *Bull*: "Slektsnamn kjent m.a. frå prest i Støren Jens Bull død 1610, og Jacob Bull i Tønsberg 1749, som vandra inn frå Slesvig").

Alfabetiseringa er ikkje heilt patent. Veka samlar namn med same forledd i "reir", slik at t.d. namnet mitt eigentleg ikkje står som ovanfor, men som *-ør* nesten sist i ei rekkje på *Vik*. (førsteleddet får leddgrensa markert med punktum). Etter (Vik)-*ås* kjem så eit nytt reir, som inneheld *Vik.estad* og (Vik)-*ingstad*, så eit nytt med *Vikhals* – og tilsvarande gjennom heile boka. Det er ikkje alltid ein skjønar resonnementet bak denne oppstillinga, og brukaren må nok ofte bla og leite litt ekstra for å finne det han vil.

At Veka skil *Aa*- og *Å*- heilt frå kvarandre, slik at leksikonet startar med *Aa*, *Aae* og *Aabak* og sluttar med *Åtland*, *Åvangen* og *Åvedal*, er derimot berre positivt, og Veka treng ikkje orsake seg for det, slik han gjer i innleiinga. Så lenge vi har desse to måtane å skrive å-lyden på, er det rett at skilnaden blir markert ved separat alfabetisering. Dessutan kan *Aa* også uttalast

som *a* i utanlandske namn (tyske, nederlandske, finske), og i internasjonal alfabetisering vil *Aa* sjølvstøgt alltid stå først i alfabetet. Veka har likevel laga eit ”reir” fremst under *Å* med tilvising til *Aa-* for alle namna som blir behandla der.

Det er eit interessant og positivt trekk ved leksikonet at både samiske og finske namn og utanlandske namn på norske borgarar blir oppførte og behandla på lik line med dei tradisjonelle norske namna. Statistikken bak i boka over dei hundre vanlegaste etternamna i 2000 viser at *Nguyen* er på delt 83. plass saman med *Birkeland* (4595 berarar kvar), og på dei neste plassane følgjer *Strøm*, *Tangen* og *Aasen* (som har 4430). Andre asiatiske namn finst rett nok ikkje i statistikken, men ein del altså spreidde kring i leksikonet.

Boka blir innleidd av ei utgreiing om namneutval og metode, og så får vi nokre oversiktsartiklar om norske etternamn av Veka (historikk, også om den juridiske sida, og namnetypologi med frekvensjamføringar), om nordsamiske av Håkan Rydving, sørsamiske av Anders Løøv, finske av Elkin Vanja Karikoski, og danske og svenske av Veka. Bakarst finn vi den nemnde statistikken over dei hundre vanlegaste norske namna, både for 1993 og 2000, og dessutan kortare statistikkar over dei 25 vanlegaste svenske og danske etternamna og dei ti vanlegaste færøyske, tyske, engelske, amerikanske, franske, italienske og nederlandske. For Skandinavia er det interessant å merke seg at mens den danske lista berre inneheld namn på *-sen* (unnateke *Møller*, nr. 21) og den svenske 17 på *-son* før det kjem inn nokre *Lind*-namn (*-berg*, *-gren*, *-qvist*), så får vi i Noreg *Berg* på 14. plass følgd av *Haugen* og *Hagen*, men elles berre *-sen* fram til *Dahl* som nr. 22 og *Lund* som nr. 24. Dei tre på topp er *Hansen* (over 60000), *Olsen* og *Johansen* (over 55000 kvar – derfrå er det eit sprang ned til *Larsen* på drygt 40000). Veka opplyser at *-sen*-namna i Noreg berre er eit par-tre prosent av det totale namnetilfanget, men blir brukte av fjerdedelen av folket (men òg at dei er på ein viss, men svak, tilbakegang til fordel for gardsnamn).

Eg er ikkje heilt nøgd med at Veka bruker *patronym* om alle namn på *-sen* og tilsvarande. Eg meiner det er meir presist å skilje slik at namn som går i arv i slekta er *slektsnamn*, mens *patronym* er dei namna som skiftar med generasjonane (”ekte *patronym*”, som Veka kallar dei), og som i dag mest er mellomnamn i Noreg i den grad dei er i bruk, men framleis etternamn på Island.

Boka burde vere tilrådd med dette.

Lars S. Vikør
Oslo

KVINNENAMN OG KULTURHISTORIE

Bjørn Storberget: *Kjære deg. En kjærlighetserklæring til 340 kvinnenavn.* Cammer forlag. Asker 1998. ISBN 82-7872-001-0. 239 sider. Kr. 268.

Dette er ei populærvitskaplig bok om kvinnenamn. Boka er skriven *con amore*, noko som også undertittelen til boka signaliserer: *En kjærlighetserklæring til 340 kvinnenavn.* I praksis viser det seg at ein del av desse 340 namna får ein nokså kortfatta omtale. Om *Alette* (s. 95) får vi såleis berre veta at namnet er relatert til *Adele*. I slike tilfelle kan ein kjenne seg noko snytt når ein på grunnlag av namneregisteret finn fram til s. 95 der *Alette* er omtalt saman med ein del andre namn (*Heidi, Adelheid* o.fl.). Ein må da lesa gjennom mesteparten av artikkelen før ein finn den kortfatta opplysninga ovafor om *Alette*. Det kan dessutan verke noko tilfeldig kva for namn som er gruppert under same overskrift. Det er for så vidt greitt nok at t.d. *Heidi, Adelheid, Alette* og *Edel* er omtalt i same namneartikkel, men det kan verke noko merkelig at også det norrøne *Ellida* inngår blant desse innlånte namna, for dette namnet er ikkje relatert til namna ovafor.

Styrken i denne boka er dei kulturhistoriske opplysningane til namna. Slike opplysningar finn ein til ei rekkje namn, og dei er ofte meir detaljerte enn dei som står i andre norske oppslagsbøker om fornamn. Særlig imponerende er alle tilvisingane til namn frå skjønnlitteraturen. Eit døme på dette er namnet *Else* som forfattaren har funni brukt hos diktarar som Alexander Kielland, Kristian Elster og Einar Skjæraasen. Ja, til og med frå mindre kjente forfattarar har han ekserpert belegg på *Else*. Såleis siterer han t.d. nokre linjer der *Else* inngår i diktet *Elevportrett* av ”den diktende lektor Hans Kristiansen” (s. 63). Under overskrifta *Else* finn vi også eit avsnitt om varianten *Elsa* der forfattaren gjør greie for operaskikkelsen *Elsa* og lagnaden hennes i *Lohengrin* av Rikhard Wagner. Boka er i det heile ei gullguve for den som søker kulturhistoriske opplysningar til dei mest vanlige kvinnenamna.

Forfattaren gir også opplysningar av lokalhistorisk tilsnitt. Under *Henriette* (s. 101) finn vi såleis nokre opplysningar om Henriette Vibe, fødd i Bergen 1809 og seinare bispinne i Tromsø (med etternamnet *Gislesen*). Forfattaren omtaler henne som ein forkjempar for misjon og kvinneforeiningar. Slike opplysningar kan i neste omgang gi statistisk orienterte namneforskarar tildriv til å gå vidare og – på grunnlag av folketeljingar frå 1800-talet – undersøke om *Henriette* vart eit spesielt populært namn i

Tromsø midt på 1800-talet. I så fall kunne det vera nærliggande å gi denne bispinna ”æra” for populariteten.

Mens boka har mange nyttige kulturhistoriske opplysningar til namna, må ho karakteriseras som noko amatørmessig når det gjeld språklige opplysningar. I denne samanhengen nyttar forfattaren bl.a. høvet til å lufte meiningane sine om uttalen av namn. Om *Sigrid* skriv han såleis: ”Sigrid er et vakkert navn når det blir uttalt riktig, men vi må innrømme at det er sterkt utsatt for den vandalismen som ligger i vår språklige latskap. Den skriftlige Sigrid blir så altfor lett til den muntlige Siggri” (s. 212). Å vise til ”vår språklig latskap” vitnar om mangelfull innsikt i dei ulike mekanismene som ligg bak språkendringar. Og når han fyrst ser på *Siggri* som utslag av språklig latskap, burde han for konsekvensens skyld også ha karakterisert *Siri* på same måten, dvs. ei sekundær form av *Sigrid*, men til denne forma har han ingen nedsettande kommentar (s. 212). Uttalen av namn er jo noko som har lett for å engasjere, men ein finn forholdsvis lite om dette emnet i faglitteraturen. Eg har bl.a. hørt somme insistere på at *Dagny* må uttalas med lang vokal, dvs. /a:/, og konsonantsekvensen /gn/ – ikkje med kort /a/ og *ng*-lyden, ein uttale som i enkelte ”finare” krinsar er sedd ned på.

Elles er forfattaren oppteken av namn med ”lyse” vokalar, og slike namn er det etter hans oppfatning godt å ha. Om *Marianne* heiter det såleis: ”Med sine mange lyse vokaler er det et godt navn å bære” (s. 173). Nå kan det frå eit fonetisk perspektiv innvendas at ”lyse” og ”mørke” vokalar er upresise omgrep – sjå t.d. s. 40–41 i boka *Fonologi* av Eva Sivertsen (1967 og seinare utgåver). Og andre namn kan, slik han ser det, ha ein ”myk klang”, og dette gjeld t.d. *Gjertrud* (s. 78), men denne vurderinga vil nok andre vera ueinige i og heller sjå på namnet som ”hardt i klangen” (jf. konsonantsekvensen /rtr/). Forfattaren er i det heile oppteken av namn i eit lydlig perspektiv. Om kortforma *Rikke* har han såleis denne vurderinga: ”godt å si og godt å høre” (s. 228).

I nokre tilfelle viser det seg at forfattaren har mangelfulle kunnskapar om namnetilfanget i andre land. Når det gjeld det Sovjet, finn han det såleis merkelig at Nina Krustsjov ”bar et så hellig og kristent navn som Anna” (s. 190). (*Nina* er altså ei sekundær form av *Anna*.) Her kan det innvendas at det russiske namnetilfanget – i mye større grad enn det norske – er prega av kyrkjelige namn, og dette gjaldt også under kommunismen. Det kan derfor ikkje karakteriseras som overraskande at kona til Nikita Krustsjov hadde fornamnet *Nina*. Ja, til og med Stalin hadde eit bibelsk fornamn, *Josef*, og dette namnet bytte han ikkje ut – derimot det opphavlige georgiske etternamnet sitt (*Dsjugasjvili*).

I det heile er det grunn til å understreke at folk i vår tid – både i Noreg og andre sekulariserte land i Europa – er mindre medvetne om at mange namn har ein kyrkjelig bakgrunn. Om det skulle vera ein samanheng mellom populariteten for kyrkjelige namn og interesse for det kyrkja står for, skulle vi ha venta at kyrkjebesøket var stort under søndagsmessa i dag, for det viser seg at heile åtte av dei ti mest vanlige gutenamna i Noreg i 1999 kan klassifiseras som kyrkjelige. Men som kjent er kyrkjene på langt nær fulle nå til dags.

Sjølv om eg i denne omtalen har kommi med ein del kritiske merknader til denne boka, vil eg konkludere med at styrken i henne ligg i dei kulturhistoriske opplysningane. På dette området gir ho som oftast meir detaljerte opplysningar enn det som ein finn i andre namnebøker.

Gulbrand Alhaug
Tromsø

MORGENDAGENS MODENAVNE

Den fremste danske personnamnanskaren Eva Villarsen Meldgaard har levert eit nytt tilskot til ålmenta. Det dreiar seg *Morgendagens modenavne* som kom på Aschehoug Dansk Forlag i 1999. I tillegg til å vera eit minileksikon over dei mest nytta førenamna i dag, med opplysning om namnehistorikk og enkelte kjende namneberarar, finn ein her korte oversyn over lovverk, namnestatistikkar, namnetypar, og ikkje minst ei framskriving av namnemotar.

Forlag og forfattar har såleis grunnlag for å velja den framoverpeikande tittelen på boka. Dessutan er det teke med ei liste over førenamn nytta i tidsrommet 1995–96, og ”Kirkeministeriets cirkulære om godkendte fornavne”. Heilt til sist er det teke med ei litteraturliste over dei viktigaste danske og nokre utanlandske oppslagsverk om førenamn. Ei fin bok med mykje kvalitetsstoff på berre 129 sider.

BH

NAMNESKIFTET KRISTIANIA – OSLO I BOKFORM

Åse Wetås: *Namneskiftet Kristiania – Oslo 2000*. Novus forlag. Oslo 2000. 242 sider.

Åse Wetås si hovudfagsavhandling ved Universitetet i Oslo frå 1999 er no kommen ut som bok. *Namneskiftet Kristiania – Oslo* er gjeven ut på Novus Forlag hausten 2000 og blei presentert for om lag 400 framømte på Universitetsbiblioteket i Oslo den 3. oktober. Det har blitt ei gild bok. Fotoet på framsida av boka viser ein trikk framfor Stortingsbygningen med destinasjonsskiltet Oslo. Det var den gongen byen heitte Kristiania og berre Gamlebyen bar namnet Oslo.

Åse Wetås si bok er ei beundringsverdig klår framstilling av dei kompliserte årsakene og drivkreftene bak stortingsvedtaket i 1924 om at byen skulle heite Oslo frå 1. januar 1925. For dei fleste vil det vere ukjent stoff som Wetås her legg fram, for Wetås går *ad fontes*. Resultatet av granskningane er eit heilt anna bilete enn det som er gjengs om at namneskiftet på hovudstaden skjedde i fred og ro. Saka var politisk, og ho var nasjonal. Sjø elles meldinga mi i *Nytt om namn* nr. 30 (1999), men les aller helst boka.

Roger Lockertsen
Stavanger

STADNAMN I ODDA

Norvald Vethe: *Vandring i gammal og ny tid. Veg- og stadnamn i Odda kommune*. Utgjeve av Odda Mållag 1999. 282 sider.

Odda kommune har vore velsigna med ei rekkje stadnamnarbeid gjennom åra. Dei viktigaste er *Noko om stadnamn i Odda* av Mentz Rynning Nielsen (1958), *Stadnamn i Odda-dalen og tilgrensande fjellområde* av Hermund Fenne (hovudoppgåve 1976) og *Stadnamn frå gardane i Odda* av Kristofer og Tormod Eitrheim (1992). Det bør òg nemnast at biblioteket i Odda har ei stor samling av elevarbeid om stadnamn. I studiet av gards- og bygdenamna har Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne. Bind 11 Søndre Bergenhus Amt*, vore grunnleggjande.

Alt dette har Norvald Vethe kunna byggja på i den fine boka *Vandring i gammal og ny tid. Veg- og stadnamn i Odda kommune*. Boka kom i 1999 og er gjeve ut av Odda Mållag. Den nye boka er ei blanding av stadnamnleksikon og kulturhistorie generelt og representerer i så måte ein eigen sjanger. Innskote mellom dei ulike stadnamnkapitla møter ein overskrifter som ”Odda i endring”, ”Røldal i endring”, ”Ferdslveggar til Røldal i eldre

tid”. Boka er rikt illustrert med fotografi frå eldre og nyare tid og kart i ulike målestokkar med innteikna namn. Heilt til slutt kjem eit stadnamn-register med sidetilvisingar. Undertittelen burde ha lydd *Veg- og andre stadnamn i Odda kommune*, etter som vegnamna er ei undergruppe av stadnamna. Elles er det ein framifrå tittel som er valt.

I innleiinga seier forfattaren at boka ”tek sikte på å gje eit oversyn over dei offisielle vegnamna i Odda kommune, saman med språklege forklaringsar og ein kort historikk kring ein del av namna”. Stoffet er altså redigert etter ulike prinsipp, til dels som korte namnefaglege innføringar, til dels som samanfattande artiklar av ulike namnegrupper, til dels som reint leksikalske oppslag der både namnetolkingar og lokalhistoriske opplysningar er tekne med. Nokre oppslag konsentrerer seg om språklege sider, andre om lokal- og personalhistorie. Det siste er t.d. tilfelle med *Berjaflotvegen*, der det er gjeve ein fyldig omtale av forfattaren Gro Holm. Dette er grunngeve med at ho åtte bruket Berjaflot. Eg vil tru at mange lesarar set pris på denne måten å nytta stadnamn som inngang til lokalhistoria.

Boka opnar med eit par mindre artiklar om inndeling av stadnamn og om skrivemåten av stadnamn. Det største kapitlet er vigd vegnamn i Odda og er på heile 126 sider, nummerert frå 1 til 102 i alfabetisk rekkjefylgje. Deretter fylgjer vegnamn i Tyssedal og Skare i liknande ordning. Så kjem eit kapittel om gardsnamna i dei same bygdene. Somme namn er drøfte meir utførleg, som *Bustetun* og *Op(p)heim*, der korkje Rygh eller andre har gjeve noka fullnøyande forklaring. Forfattaren gjev òg ei fyldig drøfting av namnet *Røldal*, som han meiner, i tråd med *Norsk stadnamnleksikon*, kan setjast til eit tapt elvenamn **Reyrga*. Dette er i sin tur ei avleiing til norrønt *hreyrr* m. ’stein’, eller norrønt *reyrr* m. ’siv’. Vethe går inn for den siste, men i ei meir generell tyding ’vassplante’, utan at han overtyder heilt.

Det er mykje godt å seia om handsaminga av det namnefaglege stoffet, sjølv om ein kunne ha innvendingar mot enkelte konklusjonar. *Folgefonna* har etter alt å døma norr. *folga* f. ’tynt snølag’ som fyrstelekk, ikkje partisippet *folginn*. *Stana* er korrekt nok sett til norrønt *stôð* f. ’stø, stad der noko står’, medan *staðr* ’stad, stans’ som det òg er referert til, ikkje har noko der å gjera. Ei meir generell innvending er at uttaleopplysningane til namna er mangelfulle. Boka er som nemnt gjeven ut av Odda Mållag, og når ein veit at mållaga i Indre Hardanger tidlegare har fått ut ei bok om førenamn (*Gudlabadne. Ei kjelda med gode førenamn utgjeve av mållaga i Jondal, Odda og Ullensvang*. 1996), kan ein spørja seg kva som vert det neste større tiltaket på namnefronten. I alle fall er det grunn til å gle seg når det praktiske målarbeidet får slike utslag.

Botolv Helleland

SKØYEN-PROBLEMET I RELIGIONSHISTORISK LYS

Ottar Grønvik: *Óndurdís og Óndurgoð. Studier over den førkristne religion i Norden*. Det Norske Videnskaps-Akademi. II. Hist.-Filos. Klasse. Skrifter. Ny Serie No. 22. Oslo 2000. 81 sider.

Den utrøyttlelege språkgranskaren Ottar Grønvik har i sitt 85. år gjeve ut endå eit skrift, og det eitt som har særleg interesse for namnegranskarane. Det er *Óndurdís og Óndurgoð. Studier over den førkristne religion i Norden*, publisert gjennom Det Norske Videnskaps-Akademi. I tillegg til eit kortare stykke om *Skåne* og *Skandinavia*, som vert sette til eit eldre **Skaðin-aujó*, er det kapittel 7 ”Gårdsnavnet Skøyen/Skøi/Skui i Norge” og den etterfylgjande oppsummeringa som har særleg interesse i namnefagleg samanheng. Denne namnegruppa som er rikeleg belagt i norrønt som *Skôðin* o.l., set Grønvik til urnordisk **skaða-winju*. Det er ikkje usemje om at sisteleddet er *-vin*, men fyrsteleddet er usikkert. Grønvik ser her ei norrøn form *Skaði*, og han meiner dette ordet reflekterer namnet på ei prestinne eller ein kvinneleg kultleiar som har stått for ein religiøs prosesjon, med tilvising m.a. til det Tacitus har fortalt i *Germania*. Denne prestinna vart etter Grønvik òg kalla *Óndurdís* eller *Óndurgoð* ’prosesjonsgudinne’.

Det sentrale lægjet til *Skøyen*-gardane, m.a. ved at fleire av dei er kyrkjestader eller ligg nær andre gardar med sakrale namn, utgjer ein viktig del av argumentasjonen til Grønvik. Slik sett er det eit fascinerande perspektiv han dreg av ei namnegruppe som enno ikkje er sikkert tolka. I ei tid med ei meir nøktern haldning til dei vidtgåande religionshistoriske konklusjonane til Magnus Olsen, vil nok ein del av lesarane ha vanskar med å fylgja Grønvik. Men godtek ein hypotesen hans, vert ein slått av vel-formulerte grunngjevinga. Sakralforskarane innan nordisk namnegransking har her fått eit interessant innspel.

Botolv Helleland

AGDERS HISTORIE

Torbjørn Låg: *Agders historie 800-1350*. Kristiansand 1999. Utgivar: Agder Historielag, Kristiansand.

Dette er eit eit regionalhistorisk verk på 500 velskrivne sider, av historikaren Torbjørn Låg. Boka utgjer eitt av binda i serien *Agders historie*. Gransking av stadnamn har ein sentral plass i store delar av innhaldet, og

boka fortener derfor å bli kjent for norske namnegranskarar. Allereide i innleiinga, der forfattaren greier ut om kjeldene, blir det slått fast at stadnamna, ved sida av arkeologisk materiale, er den viktigaste kjelda til vår forhistorie. Eit kapittel med tittelen "Busettingsutvikling i vikingtida" (:52-107) er sterkt fokusert på stadnamn. Side 57 har eit kart som viser fordelinga av gardsnamn på *-land* i dei to fylka. Av dei om lag 2000 norske *land*-gardane høyrer 700 heime på Agder; meir enn 500 finst i Vest-Agder. Ved å studere gardsnamntypar saman med gardsgrenser kan ein i denne landsdelen få svært gode haldepunkt for den relative busettingsutviklinga. Det skuldast at Agder har eit opphavleg og alderdomeleg system av gardsgrenser. Alt land har frå gammalt av vore oppdelt. Allmenningar finst ikkje. Døme på gardar og grensesystem er vist ved hjelp av fleire instruktive kart, og denne situasjonen dannar så grunnlaget for ei rekke gode, retrospektive analysar.

I kapitlet om jordbruket i høgmellomalderen er lokale teignamn tekne med i drøftinga. Eit kart over innmarka på garden Sangvik i Søgne er vist på side 208, der det er notert over 100 innmarksnamn. Sidene 255-262 har overskrifta "Gardnavna forteller", der forfattaren ser på nokre gardsnamntypar han meiner skriv seg frå høgmellomalderen. Det gjeld mange gardsnamn på *-hage*, *-hus*, *-stu* (<*stofa*) og *-støl*. Forfattaren reknar med at appellativet 'støl' ikkje var i vanleg bruk på 15-1600-talet, og at dei fleste *støl*-gardsnamna må vere eldre (:258-259). Dei skulle då vere like gamle som dei austlandske *rud*-namna.

Noko som er særskilt for Agder, er at sentralmaktene var lite til stades i høgmellomalderen. Me har få teikn til storgodsdanningar. Dei fleste bøndene var sjølveigarar. Desse realitetane er ei forklaring på korfor der finst så få mellomalderbrev frå Agder. Det sparsame tilfanget av skriftlege kjelder vil lett føre til den konklusjonen at kjeldesituasjonen her er kleinare enn andre stader. Torbjørn Låg vil ikkje utan vidare vere med på dette. Det som først og fremst kjenneteiknar kjeldesituasjonen på Agder er at han er spesiell. I denne delen av landet er 'stadnamn + gardsgrenser' av ein slik karakter at dei er i stand til å kaste eit særskilt godt lys over busetnaden i eldre tid. *Agders historie* av Torbjørn Låg vil heilt sikkert bli ståande som eit glimrande døme på korleis stadnamn kan ha nytte i historieforskinga.

Vidar Haslum
Bergen

HOVUDOPPGÅVER

NYE NAMN I NYE TIDER

Cissel Samuelsen: *Nye namn i nye tider. Bruken av slektsnamn som fornamn på 1800-talet*. Hovudoppgåve i Tromsø 1999.

Ved Universitetet i Tromsø har det i fleire år vore arbeidd iherdig og godt med studium av personnamn. Hovudoppgåva til Cissel Samuelsen er eit resultat av denne innsatsen og interessa.

Ho tek for seg det ho kallar slektstypologiske fornamn (SF-namn), altså namn som *Hagerup*, *Jentoft*, *Meier* og *Møller*. Ho hentar materialet sitt frå det edb-baserte materialet i folketeljingane frå 1865 og 1900 og tek i utgangspunktet med opplysningar frå heile landet. Vidare går ho ut frå registreringsstad, ikkje fødestad, noko som i ein skilde tilfelle kan vera uheldig for å kartleggje dei kondisjonerte sine namnevanar.

I slike samanhengar vil det om lag alltid oppstå problem ved kategorisering og utsiling av eit sikkert materiale. Dette synest eg Samuelsen har greidd bra når ho tek med SF-namn i følgjande posisjonar: Som einaste fornamn, når SF-namnet står utvitydig framfor eit fornamn, når SF-namnet står framfor eit anna SF-namn (som ikkje blir rekna med) – og som meir usikkert når SF-namnet står framfor ein initial, typen *Møller A*. I alt får ho da eit materiale på nærare 1700 ”løpenamn”, men altså langt færre ulike slektsnamn da fleire namn kan ha mange belegg. Vidare skyt ho ut frå dette materiale namn som er belagt som fornamn før 1800, dei fleste anglo-amerikanske namn, namn som kan vera resultat av namneleddsoppkalling og namn som kan vera homonym, typen *Bardo* (personnamnet *Bergtor* eller stadnamnet *Bardu*). Tilbake blir det da 101 ulike (leksikalske) namn som ho drøftar.

Sjølv om vi har ein del SF-namn i Oslofjordområdet, på Sørlandet og langs kysten av Vestlandet, så er det i Nord-Noreg vi finn dei fleste. Særleg sterk er konsentrasjonen i den nordlege delen av Nordland og i Sør-Troms. Men det er heile tida snakk om ei lita namnegruppe som aldri når over ein tre-fire prosent i den ainskilde kommunen.

I Nord-Troms og Finnmark er det forholdsvis få slike namn. Dette forklarar Samuelsen ut frå etniske forhold, namnetypen møtte motstand blant dei samiske og finske folkegruppene der. I same lei kunne kanskje òg den sterke stillinga til læstadianismen i desse områda dra: ”...motstanden mot å pynte heimane med gardiner og blomsterpotter kunne òg vidareførast til å

pynte barna med fine namn som SF-namna”. I tillegg til slike meir allmenne forklaringar er det òg i oppgåva mange fine vurderingar og tolkingar av einskildnamn.

Det er heile tida snakk om *m a n n s n a m n*, kvinnene bar vanlegvis ikkje SF-namn. Det er berre i unntakstilfelle vi finn kvinnenamn som *Heggelunda*, *Jentofine* eller *Koldevine*. Denne ulikskapen mellom kjønna forklarar Samuelsen m.a. ut frå ulike roller i det offentlege rommet og ut frå strukturelle skilnader mellom manns- og kvinnenamna.

Desse granskingane er først og fremst kvantitative. Det betyr at det ikkje har vore særleg rom for å studere introduksjonsfasen (fadderoppkalling t.d.), som det blir rekna med skulle vara heilt fram til 1880-åra.

Oppgåva har oversiktlege tabellar, diagram og kart. Mellom dei rikhalde vedlegga finn vi oversyn over relativ fordeling av SF-namn i nordnorske kommunar, frekvensliste for alle SF-namna, SF-namneberarar med fedrar, og til slutt det komplette namnematerialet.

Ola Stemshaug
Trondheim

”OG VINGL HADDE DET VORE LENGE”

Gunhild Tomter: ”*Og vingl hadde det vore lenge*”. *Språknormering og navnenormering – en komparativ analyse*. Hovudoppgåve i nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo. Våren 2000. 144 sider.

Med denne oppgåva har Gunhild Tomter sett søkjelyset på ei viktig side ved stadnamnormering, nemleg tilhøvet mellom språknormering generelt (rettskriving) og namnenormering. Er det slik at fastsetjing av skrivemåten av stadnamn er ein del av ”rikets språkrøkt”, som det heiter i NOU 1983:6 *Stadnamn*, eller er det andre språkinterne og språkeksterne motiv som ligg til grunn for den særbehandlinga stadnamn får? Tomter har formulert problemstillinga slik: ”Hvordan er forholdet mellom språknormering og navnenormering – hvorfor er dette forholdet slik?”

Materialet for granskinga er *normeringsreglar*, dvs. dei konkrete retningslinene som gjeld for rettskrivinga av norsk generelt og for stadnamn spesielt. Desse normeringsreglane vert drøfte i lys av språklege og ikkje-språklege *normeringsprinsipp*. Medan normeringsreglane er eksplisitte, er prinsippa som ligg til grunn, meir implisitte, og forfattaren har gjort ein heiderleg freistnad på å finna ut kva som har motivert desse prinsippa.

Oppgåva er disponert i seks kapittel. Det innleiande kapitlet tek opp det teoretiske grunnlaget for problemstillinga, m.a. gjennom ein diskusjon av språkplanlegging og modellar for språkplanlegging. I kapittel 2 vert materiale, metode og terminologi drøft, m.a. ved at forfattaren ser på spørsmålet om namnenormering i høve til språkplanlegging generelt. Kapittel 3 er ein gjennomgang av språkinterne normeringsprinsipp, der dei ulike normeringsreglane vert sett i lys av ortofone og etymologiske aspekt.

I kapittel 4 vert samfunns- og kulturideologiske sider ved regelverket drøft. Forfattaren tek her for seg normeringsreglane for stadnamn frå ulike tidsperiodar (1913–1919, 1929–1938, 1957–1993) og diskuterer dei i lys av nasjonalisme, demokrati/sosial utjamning, tradisjonisme. Sentralt i diskusjonen i kapittel 5 står tilhøvet mellom appellativ og proprium, og forfattaren argumenterer for at den ulike funksjonen dei to kategoriane har i språket, har vore medverkande til at normeringsreglane for stadnamn skil seg frå rettskrivingsreglane generelt.

I det avsluttande kapittel 6 vert resultata av analysen samanfatta. Namnenormering er ein sjølvstendig aktivitet i høve til språknormeringa, på same tid som det er tale om ein integrert del av henne. Ei viktig påvising er at ikkje berre reglane, men også ulikskapen mellom reglane har vore endra over tid. Forfattaren har òg kome til at det ikkje er nokon klare samband mellom språkinterne og språkeksterne prinsipp. T.d. vert nasjonale omsyn nedfelte som historisk-nasjonale, tilnærma etymologiske former i normeringsreglane for stadnamn i 1930-åra, medan dei same omsyna vert nedfelte som ortofone, framtidsretta former i dei språknormeringsreglane i same periode.

Alle som har arbeidd med stadnamnormering, veit at resultatet aldri kan verta konsekvent. I litteraturen som omhandlar dette feltet, er det gjeve ulike språklege og ikkje-språklege forklaringar på det. Men ein grundig teoretisk diskusjon om kvifor det er slik, har ein ikkje hatt. Oppgåva til Tomter er eit godt tillaup til ei teoretisk forståing av den ”vingel” som har golde, og framleis gjeld, innan stadnamnormering. Det er prisverdig at hovudfagsstudentar gjev seg i kast med problemstillingar som har direkte relevans for pågåande debattar i fagmiljøet.

Botolv Helleland

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 1999

Namnebibliografien er basert på litteraturopplysningar som redaksjonen sit inne med og gjer ikkje krav på å vera komplett. Redaksjonen har tidlegare oppmoda lesarane om å senda inn titlar som det er aktuelt å ta med, men responsen har ikkje vore særleg god. Titlar som ikkje er medkomne, vil kunna takast med i neste års bibliografi.

Gudmund Harildstad

- Akselberg, Gunnstein: Skrivemåten av utanlandske stadnamn i atlas og lærebøker for grunnskulen. I: *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNA's tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997* (NORNA-rapporter 68). Uppsala, s. 31–58.
- Akselberg, Gunnstein: [Melding av:] *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utgåva. Red. av Jørn Sandnes og Ola Stemshaug. Oslo 1997. I: *Namn og Nemne* 16, 1999, s. 117–124.
- Akselberg, Gunnstein og Åse Kari Hansen: Nordisk namnforskning 1998. Norge. I: *Namn och bygd* 87, 1999, s. 122–130.
- Alhaug, Gulbrand: Skal genitivs-s markeras i mellomnamn – *Egilsønn* eller *Egilssønn*? I: *Nytt om namn* 30, 1999, s. 22–24.
- Alhaug, Gulbrand: ”Eg er døypt Per Jørn, men dei fleste kallar meg berre Per”. Om bruken av tiltale i dobbeltnamn i Noreg. I: *Studia anthroponymica Scandinavia* 17, s. 67–92.
- Alhaug, Gulbrand: Internett-tøv om namn på innsette i fengsel. I: *Nytt om namn* 30, s. 24–25.
- Alhaug, Gulbrand og Agnete Egilsdatter Kristoffersen: Personnamn og likestilling. I: *Namn og Nemne* 16, 1999, s. 41–60.
- Aune, Kolbjørn: Kapellskaget. Eit minne om gudshus eller hestebeite? I: *Årbok for Fosen 1999* (38), s. 171–182.
- Bakken, Kristin: Etymologi i onomastikk og lingvistikk. I: *Den nordiska namnforskningen. I går, i dag, i morgon. Handlingar frå NORNA:s 25:e symposium i Uppsala 7–9 februar 1997* (NORNA-rapporter 67). Uppsala 1999, s. 161–173.
- Bakken, Kristin: [Melding av:] *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utgåva. Red. av Jørn Sandnes og Ola Stemshaug. Oslo 1997. I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 17: 2, 1999, s. 272–279.

- Bakken, Kristin: [Melding av:] *Proceedings of the 19th international congress of onomastic sciences*. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 17, 1999, s. 120–127.
- Bakken, Kristin: Personnavn i mellomnorske diplomer. Dialektform eller skriftnorm? I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 17, 1999, s. 27–49.
- Borg, Kaj: [Melding av:] Ivar Aasen: *Norsk Navnebog eller Samling af Mandsnavne og Kvindenavne*. Ved Kristoffer Kruken og Terje Aarset. Volda 1997. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 17, 1999, s. 103–104.
- Borg, Kaj: [Melding av:] *Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996*. Red. av Kristin Bakken. Oslo 1997. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 17, 1999, s. 111–112.
- Brodal, Jan: Endonymi eller eksonymi? Noen prinsipielle og praktiske betraktninger. I: *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNAs tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997* (NORNA-rapporter 68). Uppsala 1999, s. 157–170.
- Bull, Ragnar: Personnamn i Askvoll med tilknytning til bustaden. I: *Sogeskift for Askvoll kommune* 12, 1999, s. 174–187.
- Chaffey, Patrick: Problems concerning the translation of the names of Norwegian firms and institutions into English. I: *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNAs tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997* (NORNA-rapporter 68). Uppsala 1999, s. 181–194.
- Dalberg, Vibeke: [Melding av:] Peter Hallaråker: *Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking*. Oslo 1997. I: *Namn och bygd* 87, 1999, s. 152–153.
- Eithun, Bjørn: Utenlandske personnavn i norske mellomalderbrev. I: *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNAs tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997* (NORNA-rapporter 68). Uppsala 1999, s. 195–213.
- Ellingsve, Eli Johanne: En vurdering av metodene til datering av stedsnavn. Prøveforelesning over oppgitt emne til dr.art.-graden. I: *Namn og Nemne* 16, 1999, s. 15–30.
- Eskeland, Tuula: Finske stedsnavn i kulturkontakt i de norsk-svenske finnskogene. I: *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNAs tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997* (NORNA-rapporter 68). Uppsala 1999, s. 95–102.
- Falch, Tor: Namnevern for fornamn. I: *Nytt om namn* 29, 1999, s. 38–39.
- Flokenes, Kåre: *Stadnamn i Askvoll*. Erling Skjalgssonselskapet, Stavanger 1999. 330 sider.

- Flokenes, Kåre: Stadnamn i Askvoll kommune. I: *Sogeskrift for Askvoll kommune* 12, 1999, s. 188–207.
- Hagåsen, Lennart: [Melding av:] Maria L. Aljoksjina: *Proper names in modern Norwegian. A grammar study*. Sankt-Peterburg 1997; *Egennavnenes grammatikk i moderne norsk*. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 17, 1999, s. 104–107.
- Hallaråker, Peter: Smånamn frå ei sunnmørsbygd. [Omtale av:] Ragnhild Engeset: *Stadnamn frå Hovdebygda på Sunnmøre*. Bergen 1995. I: *Nytt om namn* 29, s. 50–51.
- Hallberg, Göran: [Melding av:] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold 2. Skiptvet*. Oslo 1997; *Bustadnavn i Østfold 3. Våler*. Oslo 1999. I: *Namn och bygd* 87, 1999, s. 154–157.
- Harsson, Margit: Gamle gårdsnavn i Hole. Artikkel på Hole komunes internettside.
- Harsson, Margit: Skre og den lokale tradisjon. I: *Aftenposten* 2.3.1999.
- Haslum, Vidar: [Melding av:] *Ord etter ord. Heidersskrift til Oddvar Nes 27. desember 1998*. Red. av Gunnstein Akselberg og Jarle Bondevik. Bergen 1998. I: *Namn og Nemne* 16, 1999, s. 109–117.
- Haslum, Vidar: Stedsnavn på og omkring Bruntangen og Kålstangen. Skåtøy herred, Kragerø, Telemark. *Prøver av stedsnavn fra Levangsheia*. 2. hefte. Bergen. 24 sider.
- Haslum, Vidar: Stedsnavn fra ei uthavn på Skagerrakkysten. Portør. Skåtøy herred, Kragerø, Telemark. *Prøver av stedsnavn fra Levangsheia*. 3. hefte. Bergen. 24 sider.
- Haslum, Vidar: Stedsnavn fra Støle og Tonstøl. Skåtøy herred, Kragerø, Telemark. *Prøver av stedsnavn fra Levangsheia*. 4. hefte. Bergen. 32 sider.
- Haslum, Vidar: Stedsnavn fra Haslum. Skåtøy herred, Kragerø, Telemark. *Prøver av stedsnavn fra Levangsheia*. 5. hefte. Bergen. 44 sider.
- Haslum, Vidar: Suggelia. I: *Birkenes Historielag. Årsskrift* 18, 1999, s. 39–48.
- Helander, Kaisa Rautio: Samiske navn som eksonymer og endonymer. I: *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNA's tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997* (NORNA- rapporter 68). Uppsala, s. 137–148.
- Helleland, Botolv: Nedervd uttale – ein merknad. I: *Namn og Nemne* 16, 1999, s. 7–14.
- Helleland, Botolv (red.): *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 1998*. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo, 1999. 131 sider.

- Helleland, Botolv: *Hoen i Buskerud. I: I hast hälsar. Festskrift till Göran Hallberg på 60-årsdagen den 7 oktober 1999.* (Skrifter utgivna av språk- och folkminnesinstitutet. Dialekt- och ortnamnsarkivet i Lund 9.) Lund 1999, s. 107–116.
- Helleland, Botolv: Entstehung der Familiennamen in Norwegen [Podiumdiskussion]. I: *Onomastik. Akten des 18. Internationalen Kongresses für Namenforschung, Trier, 12.–17. April 1993. Band IV. Personennamen und Ortsnamen.* In Zusammenarbeit mit Thorsten Andersson herausgegeben von Dieter Kremer. (Patronymica Romanica Band 17.) Tübingen, s. 327–328.
- Helleland, Botolv: Ortsnamen als Ursprung von Familiennamen in Norwegen. I: *Onomastik. Akten des 18. Internationalen Kongresses für Namenforschung, Trier, 12.–17. April 1993. Band IV. Personennamen und Ortsnamen.* In Zusammenarbeit mit Thorsten Andersson herausgegeben von Dieter Kremer. (Patronymica Romanica Band 17.) Tübingen, s. 159–167.
- Helleland, Botolv: Hovudliner i norsk namnegransking 1897–1997. I: *Den nordiska namnforskningen. I går, i dag, i morgon. Handlingar från NORNA:s 25:e symposium i Uppsala 7–9 februari 1997* (NORNA-rapporter 67). Uppsala 1999, s. 77–118.
- Helleland, Botolv: Utanlandske namn – eit vidt forskingsfelt. I: *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNAs tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997* (NORNA-rapporter 68). Uppsala 1999, s. 9–12.
- Helleland, Botolv: [Melding av:] *Proceedings of the 19th International congress of onomastic sciences. Aberdeen, August 4-11, 1996. 'Scope, perspectives and methods of onomastics'*. Edited by W. F. H. Nicolaisen 1–3. XVIII, 356; VI, 402; VI, 405 s. Aberdeen: Department of English, University of Aberdeen, 1998. I: *Namn och bygd* 87, 1999, s. 175–183.
- Helleland, Botolv: Nisse og jol – kvar kjem dei frå? *Markus* 1, 1999, s. 5. (Også i *Helg i Hardanger* 6, 1998, s. 11, Norheimsund.)
- Helleland, Botolv: Dâp og namngjeving. *Markus Menighetsblad* 2, 1999, s. 8–9.
- Helleland, Botolv: Namnetoppar gjennom tidene. I: *Markus menighetsblad* 4, 1999, s. 14–15.
- Hoel, Kåre: *Bustadnavn i Østfold 3. Våler.* Ved Tom Schmidt. Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, 1999. 347 sider.
- Holsbøvåg, Kåre Magne: Nokre tankar omkring stadnamnormering. I: *Nytt om namn* 30, 1999, s. 20–22.
- Hovda, Per: Utnemne. I: *Fram daa, Frendar* 11, 1999, s. 59–65.

- Indrebø, Gustav: Søknad um offentleg løyving til eit Norskt Stadnamninstitt. I: *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 1998*. Red. av Botolv Helleland. Universitetet i Oslo, 1999, s. 17–26.
- Jenstad, Tor Erik: Knyk og skjænnstø. Ord som lever berre i stadnamn. I: *Du mitt Nordmøre 1999*, s. 104–109.
- Khumalo, Langa: Kva gjeld vel hundenamn? I: *Nytt om namn* 30, 1999, s. 30–34.
- Korslund, Frode: Forleddene i norske *vin-* og *heim-*namn. I: *Maal og Minne* 1, s. 57–70.
- Korslund, Frode: Våre landsdelsnavn. Et lite tillegg til Norsk stadnamnleksikon. I: *Nytt om namn* 29, 1999, s. 39–44.
- Kruken, Kristoffer: Endringstakt i norske manns- og kvinnenamn på 1900-talet. I: *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 1998*. Red. av Botolv Helleland. Universitetet i Oslo, 1999, s. 27–55.
- Kruse, Arne: Namn og språkkontakt på Orknøyane. [Omtale av:] Berit Sandnes: *Bimbister og Brae of Bilinga. En studie av norrøne stedsnavn i et språkkontaktområde, Harry på Orknøyene*. Trondheim 1996. I: *Nytt om namn* 29, 1999, s. 51–52.
- Leira, Vigleik: Norsk språkråds arbeid med utenlandske geografiske navn. I: *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNA's tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997* (NORNA-rapporter 68). Uppsala 1999, s. 149–156.
- Lockertsen, Roger: Namnet på Trondheim by i dei eldste kjeldene. I: *Maal og Minne* 2, s. 145–163.
- Lund, Ivar: Capralhaugen. En ufolkelig folkeetymologi og et tolkningsforsøk. I: *Nytt om namn* 29, 1999, s. 27–31.
- Løøv, Anders: *Oluf Rygh 1833–1899. En bibliografi. Skrifter av og om Oluf Rygh*. Luejie bokforlag, Trondheim 1999. 40 sider.
- Myrvang, Finn: "Gjendøperi" eller kva? I: *Nytt om namn* 29, 1999, s. 34–38.
- Nedrelid, Gudlaug: Norwegische Familiennamen aus Hofnamen im Jahre 1801. I: Onomastik. Akten des 18. Internationalen Kongresses für Namenforschung, Trier, 12.–17. April 1993. Band III. Namensoziologie. In Zusammenarbeit mit Friedhelm Debus herausgegeben von Dieter Kremer. (Patronymica Romanica Band 16.) Tübingen 1999, s. 92–97.**
- Nes, Oddvar: [Melding av:] Anders Løøv: *Oluf Rygh 1833–1899. En bibliografi. Skrifter av og om Oluf Rygh*. Trondheim 1999. I: *Namn og Nemne* 16, 1999, s. 124.

- Nesset, Trygve: Tre elvenamn i Nord-Østerdal og Sør-Trøndelag. I: *Årbok for Nord-Østerdalen 1999*, s. 72–76.
- Pedersen, Birte Hjorth: [Melding av:] Jan Erik Kristiansen og Jørgen Ouren: *Fornavn i Norge. Navnemoter og motenavn*. Oslo 1998. I: *Studia anthroponymica Scandinavica* 17, 1999, s. 107–110.
- Sandnes, Berit: Place-names in Orkney as evidence for Language Contact. I: *Northern Studies* 34. The Journal of the Scottish Society for Northern Studies, s. 32–34.
- Schmidt, Tom: Etterlengt Rygh-bibliografi. [Omtale av:] Anders Løøv: *Oluf Rygh 1833–1899. En bibliografi. Skrifter av og om Oluf Rygh*. Trondheim 1999. I: *Nytt om namn* 29, 1999, s. 48–49.
- Schulze, Johan A.: Meir frå Grenland i namn og ordformer. I: *Årbok for Telemark 1999*, s. 98–104.
- Stemshaug, Ola: Nokre øynamn nord i Vikna. I: *Årbok for Vikna 1998–1999*. Rørvik, s. 86–96.
- Strandberg, Svante: [Melding av:] Maria L. Aljoksjina: *Proper names in modern Norwegian. A grammar study*. Sankt-Peterburg 1997. *Egennavnenes grammatikk i moderne norsk*. Oslo 1996. I: *Namn och bygd* 87, 1999, s. 143–145.
- Svanevik, Anne: Nordisk stedsnavnregister. I: *Utanlandske namn i Norden. Rapport frå NORNA's tjuesjette symposium i Oslo 28.–30. mai 1997* (NORNA-rapporter 68). Uppsala 1999, s. 13–19.
- Særheim, Inge: Eldre skrivemåte av gardsnamnet Erga. I: *Årsskrift for Klepp historie- og ættesogelag 1999*, s. 26–29.
- Særheim, Inge: Gards- og grendenamn i Time. I: *Frå haug ok heiðni* 3, 1999, s. 42–48.
- Særheim, Inge: Språkkontakt i seinmellomalderen – bakgrunn for lokale namn og namneformer. I: *Frå haug ok heiðni* 2, 1999, s. 28–33.
- Særheim, Inge: Tapte gardsnamn på -land i Sirdal? I: *Sirdalsutvalget. Årbok 1998*, 1999, s. 14–19.
- Torp, Arne: Christianssand eller Kristiansand? I: *Nytt om namn* 29, 1999, s. 31–34.
- Trosterud, Trond: Koding av namn i folkeregisteret sine databasar. I: *Nytt om namn* 30, 1999, s. 13–18.
- Utne, Ivar: Praktisering av personnamnlova. Slektsnamn og mellomnamn. I: *Namn og Nemne* 16, 1999, s. 31–40.
- Utne, Ivar: Praktisering av personnamnlova. Fornamn. I: *Nytt om namn* 30, 1999, s. 25–29.
- Utne, Ivar: Fra Revkroken til Myrkroken. Navn i Bergen. I: *Nytt om namn* 30, s. 37–39.

- Vethe, Norvald: *Vandring i gammel og ny tid. Veg- og stadnamn i Odda kommune*. Odda Mållag 1999. 282 sider.
- Vikør, Lars S.: Namn er mye meir enn namn. [Omtale av:] Thorsten Andersson, Eva Brylla og Anita Jacobson-Widding: *Personnamn och social identitet*. Konferenser 42. Kungl. Vitterhets-, Historie- och Antikvitets-Akademien, Stockholm 1998]. I: *Nytt om namn* 29, 1999, s. 45–48.
- Wahlberg, Mats: [Melding av:] *Norsk stadnamnleksikon*. 4. utgåva. Red. av Jørn Sandnes og Ola Stemshaug. Oslo 1997. I: *Namn och bygd* 87, 1999, s.169–170.
- Wetås, Åse: Namneskiftet *Kristiania – Oslo*: estetikken som vurderingskategori for stadnamn. I: *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 1998*. Red. av Botolv Helleland. Universitetet i Oslo, 1999, s. 57–74.
- Wetås, Åse: Register til årsmeldingane. I: *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 1998*. Red. av Botolv Helleland. Universitetet i Oslo, 1999, s. 75–131.

NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider. Pris kr. 60,-.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider. Pris kr. 60,-.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider. Pris kr 60,-.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider. Pris kr. 60,-.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skrifteleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider. Pris kr. 60,-.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider. Pris kr. 60,-.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995. Pris kr. 60,-.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking.

Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider. Pris kr. 60,-.

9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – navn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider. Pris kr. 100,-.